
TOV FLATIN

GAMALT FRAA NUMEDAL

VI



NUMEDAL SOGELAG
1928

O. & Sverre Christensen
Oslo.

Litt av tilfange til denne samlingi hev eg fengi fraa elevane ved Fylkesskulen i Rollag ved lærar der, Tore **Bergstøl**. Lærar B. Haugejorden, Olav M. Kaasin og Olav Kj. Teigen hev au hjelpt meg noko. Eg sender dei alle mi beste takk.

Einskilde ting hev fyrr stadi i tidskrifte «Numedal» eller i «Dølaminne»; men eg tek det med her, so er det samla.

Tjukke **l**-ar og **r**-ar er ikkje merkt ut i bygdemaali her i denne samlingi.

Lyngdal i Numedal 28. juli 1925.

T. F.

Eventyr.

REVEN SKAL LYSE BJØNNEN.

(Fraa Uvdal).

Det var eingong reven skulde lyse bjønnen; det var um kvelden og myrkt var det og bjønnen vilde heimatt.

So laga reven seg til ei skunde og sprang fyre og lyste til 'n kom ut paa ei høg ufs. Daa hivde han skunda utover og kasta seg tilsides, og bjønnen gjekk etter lysa og fór utover og slo seg ihel.

SMØRKVARTELE.

(Fraa Uvdal).

Eingong hadde bjønnen og reven eit smørkvartel ihop, og det hadde dei gøymt burti skogen. Som det leid paa so stal reven seg avgarde og til aa eta av ròkin av kvartele. Daa 'n kom att spurde bjønnen kvar han hadde vori.

«I barsøl,» svara reven.

«Hø heiter baane?» spurde bjønnen.

«Rakjin,» sa reven.

Andre dagen so stal reven seg avgarde att, og daa halvaat 'n smørkvartele. Bjønnen spurde kvar han hadde vori.

«I barsøl,» sa reven.

«Hø heiter baane?» spurde bjønnen.

«Hallete,» sa reven.

Tridje dagen au so stal reven seg fraa bjønnen og burt i skogen, og daa aat 'n upp resti av smøre. Daa 'n kom att vilde bjønnen vita kvar han hadde vori daa med.

Jau, han hadde daa vori i barsøl.

So var det kva baane heitte.

«Tomt i leggann,» sa reven.

Men daa var bjønnen svoltin, og so skulde dei av og kjenne paa smøre. Daa bjønnen saag det var uppeti, vart 'n vond og sa det var reven. Og reven med vart vond og skulda det paa bjønnen. So fann reven paa det, han, at dei skulde leggje seg i ein solbakke og sova, og den som var feit i foi naar 'n vakna, han var tjoven.

So gjorde dei det daa. Reven lest som 'n somna med same, og daa det leid paa so somna bjønnen med. Daa sprang reven stad og skrapa til lite smør som var att og smurde i foi paa bjønnen.

Daa han vakna, so var han feit i foi. Og so vart det til det, at det var han som var smørtjoven.

HESTEN.

(Fraa Uvdal).

Den vonde vilde gjera ein menneskje-træl, og so skapte han gampen. Men so fekk 'n ikkje liv i han. So kom Vaarherre gangande, og so saag han denna skapnaden laag der og spurde kva det skulde bli til. Jau, det skulde daa vera ein menneskje-træl, men han fekk ikkje liv i 'n.

«Statt upp!» sa Vaarherre.

Og hesten spratt upp med ein gong.

«Du ska vera ein træl for menneskja,» sa han til hesten, og so sputta 'n paa den eine foten hans, og difyr hev alle hestar ei skurve paa den eine framfoten.

KYRI.

(Fraa Uvdal).

Dyri skulde ynskje seg kva dei vilde ha anten høy eller lauv.

«E vil byskje i baa',» sa kyri. Og det fekk ho. Det var i den tidi alle dyr kunne tala, det.

TONFUGLEN.

(Fraa Uvdal).

Toppen og orren og gauken gjorde den avtala, at den som vakna fysst av dei um morgonen, han skulde vera tonfuglen.

Toppen vakna fysst, dei andre forsov seg. So vart han tonfuglen.

Gamle lækjeraadir, sed og tru.

1.

Før saa tørka døm bla'a paa tyttebær-lyngen aa bruka te te. (Lyngdal).

2.

Dæ æ enn lygn som døm kællær grepplygn. Naa' krøttera hadde vondt i jure, la døm gløær i ei steikepanne, aa la denna lyngen dæroppaa, saa dæ rauk a 'n, aa saa hølle døm panna unner jure paa kjyra. (Lyngdal).

3.

Postlygn (pors) bruka døm ha i sengebøsse saa laappunn skulle hølle sei unna, aa i klæo fær mølen. Saa koka døm lyngen i vatne som døm vaska sei mæ; da skulle døm faa go haarvokst. (Lyngdal).

4.

Døm koka røllik i vatn aa drakk fær hart liv. (Lyngdal).

5.

Kærven koka døm i mjølk aa drakk denn fær kullik, aa fær krimsjuka. (Lyngdal).

6.

Furubare koka døm aa lauga sei i løgen fær gjikta. (Lyngdal).

7.

Knettabokk koka døm i vatn aa vaska sei i denn løgen naa' døm va lusute. (Lyngdal).

8.

Døm raspa fint a den fine borken paa furu aa hadde i brannsaar. (Lyngdal).

9.

Den gule veggemaasaan koka døm i vatn, aa drakk dæ fær gulsott. (Lyngdal).

10.

Ælværnævver skulle døm ta a ni slaks ve aa røykje sei mæ fær ælværgust. Døm la 'o paa ei steinhelle eller ei jarnplate aa tente ell paa aa sto over i bærre skjurta aa flække ut mæ skjurteflaka, saa døm fekk røkt heile skraatten. Je veit je pella mæ mei slek ælværnævver aa gjømte, aa vi bruka 'n baade vi aa ongænn.

Ei a'n raa fær ælværgust va aa legge sei i smiuavln, aa ha ein te aa blaase paa sei mæ bælj'n. Je synnes naa høkse, je har være i smiuavln aa vørte blaase paa, je au; han far hadde naa ei gammæll fillesmiu. (Lyngdal).

11.

Bjørkesmørju bruka døm paa saar kjeft aa paa blæmur. Døm tente værme paa enn tørr bjørkekvist aa sette denn mæ e'n ne paa enn stein ell ett øksebla, saa kom dæ ett drøpp ell to a denna smørjo. (Lyngdal).

12.

Gvitlauk-brennivin drakk døm fær kullik aa a'n magaplage. (Lyngdal).

13.

Ringørm-gras klemte døm safta tor aa smurte over ringørmen. (Lyngdal).

14.

Døm la paa homlepøsør fær værk aa traataa aa ana vondt. (Lyngdal).

15.

Naa' døm gjikk færlengenn mæ mosotta, gjikk ho over te gulsott, aa vart inkje denn lækt, saa gjikk ho over te svinesott — aa denn va ulækjeleg. (Lyngdal).

16.

Naa' døm koka bekk, satt døm over aa saup i sei a denn røyken. Dæ va helst fær utslag, aa døm bruka dæ visst fær bringevondt au. (Lyngdal).

17.

Før i tia smetta døm kleinslenne ongær unner æltærklæe, saa døm skulle faa-att hælsa. Ho bestemor høksa at døm gjore dæ. (Lyngdal).

18.

Dæ æ ei gammæll tru at ongænn bli kleinhelsa, dersom kjæringa æ gamlær ell man'n. (Lyngdal).

19.

Dei henta altarvin o gav denn sjuke. (Uvdal).

20.

Tybast-bær bruka døm te rævagjift før, færtalte 'n far. Døm æ fælt gjiftie døm bæra, ræven trøtnær att i hælsn a døm. (Lyngdal).

21.

Naa' kjynnænn tok sei te mæ aa risse, veit je døm ga døm katte-esta, radt døm hadde hatt kjyra te uksen. Døm kærva dessa katte-esta smaa aa ga døm i deig ell graut.

Dæ va ei gammæll ei, døm kælla Kaku-Kjærsti, som budde i Lyngjors-plassen. Ho va saa fus te gjelle kattur, aa saa gjømte ho paa dessa esta da, ser du, aa saa maatte døm te hænnær da, naa' dæ vart ulag paa kjynnænn paa denna visen. (Lyngdal).

22.

Naa krøttera traar, skæ enn ta jor unner stuguhella, paa den motsatte kanten a denn døm traar te, blanne den i sælt aa gaa mæ unner ærmen ett bel, te dæ bli vart, aa saa gje krøttere dæ. Je tvelær dæ æ døm som brukær dæ ennaa. (Lyngdal).

23.

E va paa Brostru o tende. Naar dei tok ut ei kjyr om hausten, ell dæ va grisen, o skulde slakte, so passa dei allti paa o kasta ei øks ell eit grev i dæ rome dyre ha stae, o dæ laag der, te dei fekk eit dyr i dæ rome att. (Uvdal).

24.

Naar dei same følkje bar ut or fjose ein kalv, som skulde slaktas, so dasska dei 'n allti mot foe paa den kjyre 'n va onda. (Uvdal).

25.

Fysste mjølkji av ei nybørin kjyr slo dei burtonde ein bjørkestuve te haugebondin. (Uvdal).

26.

Naar hjuringjen gjekk fraa kryture i beite, so skulde han alltid krøsse over dei. (Uvdal).

27.

Naar dei flutte fraa sætre om hausten, sette dei gamle att noko mat paa skjivjo i sæterbue; dæ skulde vera før haugebondin. (Uvdal).

28.

Naar kryture fekk frost i gjure, so brædde dei kjøru o smør o smurde paa so heitt dei konna tola dæ. (Uvdal).

29.

Før mjølkefeber aarelatte dei kryture paa halsen. (Uvdal).

30.

Naa' dæ æ mykkjy konglær paa furu, skæ dæ bli godt byggaar. (Lyngdal).

31.

Naa' dæ æ mykjy grankonglær, skæ dæ bli godt havreaar. (Lyngdal).

32.

Æ dæ lite rognebær om høsten, bli dæ mykkjy snø om vinteren. (Lyngdal).

33.

A breskebæra koka døm enebærolje. — I min oppvekst sanka døm saa mykkjy breskebær, aa koka baade øl aa serop a døm. Aa saa veit je naa vi aat saa a dessa bæra. Han far va saa nøggele kjær etter breskebær. Dæ va helsebot i døm, sa døm gamle.

Men døm laga naa øl a breskeve au. Fant raabresk aa kløvde sunn aa koka paa. Sea sila døm denna lògen aa hadde 'n i enn kopp aa sette gang paa.

Døm koka serop au a breskeve. Dæ gjore døm da paa samma maaten som naa' døm laga breskeøl; men naa' døm hadde sila lògen, saa tverra døm denn inn te 'n vart tykk. Je høksær døm koka slek serop heime, aa vi hadde 'n paa flabbrøe; men vi maatte berre ha paa sovidt dæ letta, fær 'n va saa stærk. Men je tvelær døm hadde gjort enn feil, da døm laga 'n te. Døm skulle visst sett gang paa lògen aa latt 'n gaatt, aa saa tverra 'n inn etterpaa, saa hadde seropen misst den stærke breskesmaken.

Ja, døm maatte bærje sei mæ mykkjy som inkje va saa rart, i den tia, døm som satt bori plasseholunn og hadde mange som let etter mat . . .

Døm tværra inn denna breskelògen te treakels au; dæ va naa helst ongænn, som stridde mæ dæ.

Døm brennte breskebæra som vi brenner kaffe, aa mol døm aa koka breskekaffe aa drakk fær traataa i kroppen. — Fær traataa lauge døm sei i breskelòg au.

Paa bresken veks nokon kønn som kællæs kromlekønn, som døm koka aa drakk lògen a fær bringevondt.

Breskeølja brennte døm a bresk som maatte vara heiltopp tørr, ellsaa vart dæ vatn i 'o, aa da va 'o inkje saa go. Breskølja brennte døm i ei gryte paa samma maaten, som naa' døm brenner kjyru. Denna ølja bruka døm aa smørja sei mæ fær gjikt, aa smurte krøttera mæ 'o fær hælte — aa bruka 'n visst fær ana vondt au.

Døm bruka ofte aa breskerøyke i huse — tennte paa enn stor breskekvasst aa kassta midt fram paa gølve. Dæ va bra fær smittsame sjukdommær, aa dæ vart saa fresk luft.

Naa' døm henta husmaasaaa, tok døm æller denn unner bresken, fær dær æ nokon smaa dyr, som bli te veggelus. (Lyngdal).

Dei koka husmøsin, so dei inkje skulde faa veggjelus i huse. (Uvdal).

34.

Apæll-børken bruka døm te aa letta gult mæ; døm kælla denn færja fløtegult. Døm skraapaa rein børken aa koka denn ihop mæ dæ døm ville letta.

35.

Heggebørken koka døm aa bruka denn lògen te aa maale skjinnfellær mæ. (Lyngdal).

36.

Orebørken bruka døm te beite, naa' døm skulle letta svart vøllmøl. (Lyngdal).

37.

Røsslyngen bruka døm aa letta gult mæ — aa te beit fær mange lettir. (Lyngdal).

38.

Døm baara ett hol i børsetrompen aa sette inni enn fløgrognpinne. Da hadde ingen makt te aa gjøra ve 'o.

Je trur naa 'n far hadde enn slek fløgrognpinne i børsa si. (Lyngdal).

39.

Malurt bruka døm ha i klæo mot møl. (Lyngdal).

40.

Knøskegaas æ dæ samma som knivgaas, bærre ho æ gamlære. Døm veks paa bjørka. Dæ hare skale uttapaa skar døm a, aa hola tor dæ som va rakt aa røte inni, aa tok dæ lage som va att aa lutekoka dæ, aa banka dæ etterpaa, saa dæ va mjukt som ull. Dæ va fælande fengje — bærre dæ kom enn ællersaa liten kneste fraa flintestaale, saa fata dæ i detta knøske.

Hølingænn hadde gjenne mæ sei ei heil slek knøskegaas i skaugen, naa' døm gjætte, tennte paa 'o heimante aa gjikk aa bar 'o mæ sei paa enn stav. Dæ mura aa glødde i ei slek gaas gjenne heile dagen. (Lyngdal).

41.

Naa' krøttera tok te flyge aa saappe, ville døm ha dæ te dæ at døm auka i mjølka. (Lyngdal).

42.

Døm tok aa la gamle spiker i værmen aa heta døm raue, aa saa etterpaa læt døm ligge te døm vart kælie. Saa tok døm blaabærsaft aa hadde dessa spikærænn opp i — dæ vart den besste skosværta. (Lyngdal).

43.

Enn kjem ofte i myrænn over store røfto, som dæ ligg nævver, mest som døm la 'o paa tak i gammæll ti. Gamle folk færtæl, at døm bruka aa nævverla myrær, saa inkje hevda skulle sige ne. (Lyngdal).

44.

Naa' enn vil veta hokken enn bli gjift mæ, skæ enn gvælve skoa senne annføttes i enn'an unner senga tri torsdagskvællær paa ra. Da drømmer enn om denn enn skæ faa.

Enn a'n maate aa faa veta hokken enn skæ bli gjift mæ, æ aa setta skoa i enn kørsveig tri torsdagskvællær paa ra. Gaar enn dit trea torsdagskvæln staar denn, enn skæ ha, i skoa. (Lyngdal).

45.

Æ dæ vinn brølløpsdagen, bli døm uvenner døm som gjifter sei da. (Lyngdal).

46.

Denn som æ fødd om maaraann, bli griaug æll si ti; denn som æ fødd om kvæln, bli seint oppe om kvæln aa døvin om maaraann. (Lyngdal).

47.

Blømmer skjya nyaarsmaaraann, bli dæ krig dæ aare. (Lyngdal).

48.

Nyaarsdagsmaaraann skulle ælle vara tile oppe, ell saa vart døm late heile aare.

Nyaarsdagen koka ælle som hadde raa mæ dæ, rømmegraut, fær naa' døm aat dæ denn dagen, skulle døm kaammaa te leva godt heile aare. (Lyngdal).

49.

Om langfredagen va dei ute o risa fastans. — Naar dei gjekk te alltars so reiste dei fastans te kjyrkja. (Uvdal).

50.

Naatte te saammaarsdagjen skulde dei inkje skjote att (peisen), før daa stengde dei ute saammaaren. (Uvdal).

51.

Ho mor fortalte, at i gamle da'r saa tok husbonn i huse aa skvette litt øl i ellen juleftan, før døm drakk a dæ. Likeins tok døm lite a julematen aa ga værmen. Ellen skulle ha noko a julekaasten, han au, sa døm.

Mæ samma han hadde detta paa værmen, saa sa 'n nokon or; men dæ høksær je inkje. (Lyngdal).

52.

Fraa gammæll ti va døm tøll juledagænn mærkje paa døm tøll maanænn i aare. Slek som være va 'verr a døm dagænn skulle dæ bli 'verr a maanænn i aare. (Lyngdal).

53.

Linklær aa gaan, som va vasska, skulle døm inkje la henge ute juledagænn, fær da skulle døm kaammaa te klæ lik i fassta. (Lyngdal).

54.

Døm skulle inkje slakte paa nokon a døm tøll juledagænn, fær da kunne døm maakja slakte noko, dom inkje ville, i aare som kom. (Lyngdal).

55.

Plog aa hærv skulle inkje staa ute døm tøll juledagænn, fær da kunne allværdens skomakær kaam-

maa aa gvile sei paa døm, aa da gror dæ inkje gras ell kønn dær døm bli bruka. (Lyngdal).

56.

Hørr gong 'n Tøllak her vasska se, so viksla 'n vatne mæ ein glo før 'n slo dæ ut. (Uvdal).

57.

Helmauren trudde dei kom paa feige følk. (Uvdal).

58.

Døm som faar smaa-ongær mæ sei i grava, bli lykkele'. (Lyngdal).

59.

Seggeldukjin gjøymde dei o skulle ha mæ se att i grave. E huksa dei som hadde seggeldukjin mæ se i kjista naar dei voro døe. (Uvdal).

Haugety og hulder.

HAUGETYE I BJØRKHAUG.

(Fraa Nore).

Paa Søre Braaflot er det ein haug som dei kallar Bjørkhaug. Der var det haugety fyrr i tidi. Ein mann som aatte Braaflot, sette upp ein hestestall paa dennan haugen; men det var kje raad faa hestar til trivast der, det dauda fleire for mannen.

Eingong han hadde kjøpt seg ein ny hest, kom det ein litin graaklædd mann til han; han hadde raud pikkluve og raude vottur.

«De e best du flyt stallen din, for naar hestan dine landar kjem de paa matbore mitt!» sa han

«E ska so gjera,» svara mannen.

Og dermed vart tussen burte.

HAUGETUSS PAA SEVLE-SÆTRI.

(Fraa Nore).

Paa sætri til Nedre Sevle skulde det med vori haugetuss. I ein haug tett attmed sætri heldt han til um sumaren. Den haugen heitte Bestemorhaugen. Um vinteren flutte han til eit berg lenger ovanfyre sætri.

Sæterfolkje maatte setja ei rjomeskaal eller eit fat med rjomegraut burti den haugen til kvar torsdagskveld, um dei vilde ha lukke taa krøteri.

Eingong vart det burte ei kyr paa den sætri. Dei saag ho burti Bestemorhaugen; men daa dei kom burti og vilde faa fatt paa ho, saag det ut som ho sokk nedi jordi og vart burte; men dei høyrde bjølla hennar. Andre dagen kom ho heim til sætri att. Daa dei skulde mjølke ho, fannst det ikkje dropen i ho.

Naar det var rektig fælt uver, og ein lydde innaat berge ovanfyre sætri so kunde ein høyre koss tussen hamra og banka inni der.

HAUGETUSSEN PAA BJORSTULEN.

(Fraa Nore).

Bjorstulen er ei sæter som høyrer til Borge, ein gard i Borgegrendi. Fyrr i tidi var det so mykje haugetuss der at dei maatte leggje ut den sætri til slutt. Dei kunde ikkje flytja dit fyrr etter Jonsok. Kom dei der fyre den tidi var det slik uro der stødt, og ulukkur kom det paa kyrne med. Og reiste dei ikkje der i fraa fyre krossmess, so vart det mest umogeleg aa vera der. Dei bruka det slik stødt, at naar dei flutte der i fraa so koka dei ein stor rjomegraut og sette ut til tussane.

Eingong var det ei kjerring i fraa Skarbekk som sætra der. Fyre ho reiste sette ho ut grauten som vanleg. Daa ho skulde sjaa til att, so var fate tomt, og utanfyre budi stod det ein stor graa bekar. Han hadde ein svart flekk paa høgre sida av hovude. Den bekaren fekk ho ha, det var gaave fraa tussane. Der i Skarbekk hadde dei taa dei sauine i lang tid etter, og alle saman hadde dei ein svart flekk, plent som den bekaren kjerringi hadde fengi. Det fannst ikkje maken til dei sauine i heile bygdi.

Lang tid etter dei hadde lagt ut sætri for haugetussane si skuld, var det ein mann som bruka paa Borge, og som var slik ein umfram sprek kar og

var ikkje rædd noko. Han reiste nord paa sætri og vilde slaa vollen der, dei slo den endaa. Um kvelden la han seg paa ein krakk framved peisen. Daa han hadde legi der eit lite bil, so kom det inn ein litin graaskjeggja mann og tok og kasta 'n av krakken. Han heitte endaa Knut denna bruksmannen. Han la mykje ved paa peisen og la seg paa krakken att. Daa veden var mest uppbrunnin paa peisen, so vart 'n vare denna vesle mannen att. Knut tok seg godt tak i krakken og ein benk som var fastspikra aat veggen — han tenkte no han skulde faa slikt tak at ikkje denna vesle mannen skulde faa 'n nokon stad ein gong til. Men daa kom 'n og tok baade Knut og krakken og kasta dei burtaat dynni. Men daa vart han Knut so rædd at han torde ikkje vera inni budi lenger; han reiste ut og skjefta ljaaen sin og tok til aa slaa. Daa dei andre slaattefolki kom etter um morgonen hadde han slegi mest halve vollen. Han torde ikkje vera i budi den næste notti heller. Sea den tidi har ingin vori i Bjorstul-budi.

*

Tett nordanfyre sætri ligg ein stor haug. I den haugen er det haugetussane skal ha haldi til.

I denna haugen skal det vera nedgravin ein koparkjele som skulde vera full taa pengar. For nokre aar sea var det ein mann her i Nore som grov uppi haugen etter denna kjelen. Han hadde høyrt at dei skulde grava tri torsdagskveldar etter einannan fraa klokka 12 til 1. Men han maatte ikkje vera rædd og ikkje tala fraa 'n reiste heimantil og til han kom heimatt.

Dei tvo fysste torsdagskveldane saag han ikkje noko; men den tridje kvelden kom det so tett med noko svart fugl so han kunde ikkje sjaa nokon stad. Ein taa dei flaug beint i andlite paa 'n. Daa slo 'n etter fuglen med handi og sa:

«De e no fælt so nærgaaanes du e me!»

Daa visste han ikkje taa, fyrr han fekk eit slag i sida, so han slepte spaden.

Etter den tidi har han vori klen i sida rett som det har vori, og er det no med.

Det var eingong tvo gjentur paa sætri der paa Bjorstulen. Ein morgo dei stod uti svali baae tvo, kom det ei svær brandute kyr med sylvkaatur og ei sylvringje paa honni. Ho kom heilt inni svali til dei, men dei torde ikkje anse ho, for dei var rædde haugfolkje kunna bli vonde for dei tok kyri. Daa fekk dei høyre det ropa burti haugen, nemde kyri paa namn og sa:

«Du faar kommo att da, naar dei ikkje vil ha de.»

Daa reiste kyri og vart burte i haugen.

Haugfolkje hadde store og feite kyr, og gode til mjølke var dei. Naar ein kasta staal over dei, so hadde dei ikkje meir magt med dei.

BOGSTRAND-GUTEN OG HAUGETUSS-GJENTA.

(Fraa Vegglid).

Paa Bogstrand var det eingong ein gut som stod paa laaven og trekste. So kom det ei gjente inn paa laaven til 'n. Ho var so fin at guten aldri hadde sett so fin ei gjente. Han vart glad i henne, og dei gifte seg. Ein gong fekk 'n fylgje til heimen hennar; den var i Trollhol-aasen, ein aas sudnan Bogstrand. Der var det ovleg fint og mykje gull og sylv. Han var sea sudover og vilde finne den staden att. men fann 'n aldri.

Den gjenta skulde vera so sterk med. Ein gong mannen hennar var i smidjo, kom ho inn til 'n og tok ein hestsko som laag der, og rette 'n ut. Det skal vera ho som har vridi ringane i kyrkjedynni i Rollag med.

Bogstrand-ætti har vori namngjeti sterk, og det skal vera fraa detta tussekvende ho har ervt det.

HULDRBRUDLAUP.

(Fraa Uvdal).

Det var eingong ei gjætslegjente som kom inn til ein bergvegg. Med ho stod der, so kom det ut eit kvinnfolk og gav seg i rødur med henne. Ho fortalte at det var brudlaup inne i berge. Den gjenta har vel ikkje vori rædd taa seg, for ho tok til beda paa detta kvinnfolke um ho kunde faa bli med i brudlaupe. Ho gjekk innatt i berge og skulde spyrja, og um eit bil kom ho utatt. Men gjætslegjenta kunde nok ikkje faa vera med let ho um. Daa tok gjætslegjenta til tiggje og beda um ho ikkje kunde faa bli med eit bil, og hi laut innatt og spyrja ein gong til.

Men daa ho saag ho kom utatt, daa vart ho med eingong so rædd ho tok tane og torde ikkje sjaa attende eingong. Daa hegra det og lo, so det skrall i fjelli.

HAUGEKJERRINGI PAA STOREMYR.

(Fraa Nore).

Paa plassen Storemyr var det ei gjente — eller kanskje det var ei kjerring — som hadde slegi ut noko vatn som var blanda med blod. Ho hadde slegi det ut paa stoguhella. Men det hadde vori betre ugjort for henne, for med det same kom det ei haugekjerring og skjelte ho so uhorveleg, og let um at ho ikkje hadde fenge ein rein matbite, avdi det kom paa borde hennar naar ho slo ut vatn der. Og daa ho hadde skjelt metta si, so tok ho og hivde Storemyrkjerringi utover ei bratt rein nedanfor Stogo.

HAUGETY PAA NANSÆT.

(Fraa Nore).

Nansæt heitte ei sæter som høyrde til Millom-Eide. Der gjekk det ikkje an aa vera, dei maatte

flyttja, kunde ikkje sitja der med buskapen, for hulderfolke gjorde det eine fantestykkje verre enn det andre, og kyrne var urolege der stødt.

Eg var der ein sundag med kjerringi mi sat der til sæters. Daa saag eg paa, at ei kyr vart kasta upp i ei skor i fjelle. Koss ho kom nedatt, veit eg ikkje; men nedatt kom ho med av seg sjølv, me gaadde ikkje aat fyrr ho stod nedunder fjelle att.

Daa eg kom inn i budi og fortalde detta, so sa dei til meg at eg ikkje maatte tala um det til nokon, og det gjorde eg heller ikkje. Men fjøse vart seinare flutt paa ei onnor stelle, og der fekk kyrne vera i fred.

GAMLE BUDØL'N.

(Fraa Nore).

Gamle Budøl'n hadde eingong leita etter nokre hestar i fjelle som høyrde til Nansæt. Daa han var uppe i fjelle ovanfyre, so fekk han sjaa tvo karar, som gjekk nede paa sætervollen; dei hadde endaa raude pikkluvur paa skallen. Det var haugekallar.

HAUGETYE HØYA.

(Fraa Nore).

Ein dag med ho mor gjette, saag ho noko haugety slo og høya i ei skor. Det var so fint ver den dagen.

HALLAND OG HALLAND-FOLKJE.

(Fraa Nore).

Øvre Halland var for lang tid sea ein taa dei største gardane i Nore. Soleis høyrde heile lidi paa

vestsida aat Uvdalselvi fraa Kvilstein til deile millom Nore og Uvdal og vestover til deile millom Nore og Telemark til Halland. No er det sunddeila i mange gardar.

I seinare tid var det ein mann som heitte Hans som aatte garden. Kona hans heitte Gro. Hans var ein snild og tolug mann, og heller faamælt av seg. Gro var mykje skarpare, ho; men fælande snild. Det kom ikkje fatigfolk til Halland utan dei fekk mat, og som oftast mat med seg heimatt med.

Fyrr i tidi var det jamt sag og mylle paa større gardar. Paa Halland stend det baade sag og mylle nedi ein bekk lengst nedi gjorde.

Hans hadde ein bror som heitte Lars. Daa Lars gifte seg hadde 'n mange pengar; men det var ikkje so lengi fyrr han hadde gjort ende paa dei. Daa fekk 'n byksle ein plass som høyrde Halland til.

Ho Gro dreiv og gav desse folki mat so ikkje mannen hennar visste um det. Eingong skulde Lars faa gaa nedaat mylla og ha seg i ei mjølhit. Hit var ein sekk som var sydd saman av tvo store saudeskinn. Sjølv gjekk ho burt paa ein haug og vilde sjaa paa. Lars hadde i hiti si so mykje at han orka mest ikkje bera ho, vegen var bratt og steinut, og han datt paa kne fleire vendur.

Daa 'n Hans kom heimatt tala ho um detta til 'n: «Nei, du sku berre sett høsse 'n Lars knela me hite si.»

Han Hans berre smaalædde aat det, han.

Eingong med dei var paa sætri baae tvo Hallandfolki, sende ho Gro bod heim til Lars og kona hans og bad dei skjera ein rugaaker aat seg sjølve. Dei so gjorde. Daa Hans kom heimatt og skulde skjera rugen sin, fekk han sjaa at 'n var baade skorin og hesja. Daa reiste Hans paa sætri att; han skyna samanhengen ser du.

«E de du, Gro, som ha sagt aat dei skulde sjera rugen?» sa han.

«Ja, so slapp e o stela i dei dei betan,» svara ho. Hans berre smaalædde og gat ikkje meir.

Seinare ein gong var det mykje arbeidsfolk paa Halland. Daa dei skulde eta til dugurds, sat Hans og hengde hendane og vilde ikkje eta.

«Nei, no sit 'n der dannan golepin o vil kje eta,» sa ho; «de e bære du fær noko ana, stakkars krokjen.»

«Datta fær 'n ta opp før vællæt,» sa Hans og smaalædde.

FISKER HAUGE OG GUNNAR LINDEVIKEN.

(Fraa Uvdal).

I gamle dagar dreiv folk meir med fisking og veiding enn dei no gjera. Hallvor Haugen døydde ikring 1890. Største hugen hans var skjoting og fisking og veiding, og det dreiv han mykje med um vintrane etter han vart noko gamall med.

Han vart aldri kalla anna enn Fisker Hauge. Dei fleste folk i Uvdal kjende godt til han, for han var vidgjetin til skryte taa seg og det han hadde gjort, og vilde gjerne vera den som hadde skoti mykje baade rev og bjønn og rein.

So var 'n so aafløymleg. Naar det gjekk noko gale for han paa ein eller annan maate, so krauna 'n fælt. Og gjekk det noko sers godt, so bar 'n seg daa med.

Ein vinter var Fisker Hauge saman med Gunnar Lindeviken (bror til Goe Prestegarden) burti Smaadøldalen paa veiding paa ei sæter som kallast Buinn. Daa kom Fisker Hauge til bli ute for tri rare uhende ein dag. Gunnar var burtpaa Joslestul-loni og fiska med krok; men Hauge vilde sjaa etter rjupa uppi Jorunnset-fjelle. Gunnar kom heimatt til Buinn fysst um kvelden og han hadde lagt paa peisen ei diger tyrirot som brann godt.

So kom no Hauge med inn. Gunnar saag det paa 'n, at det var noko 'n ikkje lika, for han var so stur. Han spurde koss det hadde gjengi for 'n.

«Aa,» sa Hauge, «de ha gjengje me so ille; e stupa uppi Bukjønndalen o støytte me i sia, o de verste va aat e kasta burt den fine raune-skjistaven min.»

Med han fortalde detta hadde han klædt taa seg paa beini og sat og vermde seg under peisfoten. Med det same rulla den fæle tyriroti nedpaa beini hans og brende 'n styggt paa leggen.

«Men daa skulde du høyrt 'n krauna!» sa Gunnar. Han flaug burt i ei seng og la seg. Over sengi hekk ei gamall slagklokke med tunge steinlodd. Korleis det no var eller ikkje, so hadde han komi inni eit lodd lite, eller so var det so at tidi var komi at snori hadde vorti forgamall, for med Hauge krauna paa det verste for svidin etter tyriroti, datt det tunge steinlodde beint nedi panna paa 'n.

«Men daa, men daa!» sa Gunnar; «e maatte læ om de va alder so gale.»

Den gongen hadde han mest grunn til aa kraune med.

NILS FESSBU.

(Fraa Vegglid).

For ein 80 aar sea budde det ein gamall mann her i grendi. Han var fraa Nore, og hadde komi her utover for han hadde kjøpt seg ein plass her. Plassen heitte Fessbu, han heitte Nils og kona hans heitte Turid.

Han Nils var ein fæl kar. Kona si banka han ofte, og krøteri sine svelte han so dei mest ikkje hekk ihop.

Han hadde ein graa hest, den svelte han fælt. Um vaaren skulde han ut og pløgje med denna hesten.

«Han dreg skakt, Graaen; frammi o støa i 'n du, Turi!» sa han.

So dauda kona hans. Daa stod 'n over henne, og so sa 'n det:

«Du kjem nok te blia dyr før me, du; du kjem sikkert te køste me 25 dale før e fær de te jore!»

Taa det at 'n var so rar hadde folk moro i 'n. Han hadde ein gjeitebukk, som 'n var væl glad i. Ein dag vart den tvert burte; han var visst burte nokon mange dagar. So var det nokre som hadde fengi greide paa detta, og so gjekk dei sudi skogen der dei meinte han Nils heldt paa aa leita, og so gjekk dei der og mekra som det skulde vera bukken hans. Daa han høyrde det mekra, sa han:

«Kom du bokken, e kjenne de paa maale.»

Men detta var no ikkje det verste. Han Nils var enkjemann no, og so hadde han fritt til ei gjente, og ho hadde reist til Kristiania. Ein dag fær han eit brev, og der stend det at han skal møte denna gjenta si i Lattergata. Jaha, Nils han dreg iveg, labba og gjekk; for skyss hadde han vel lite raad til aa taka. Han kom no ikkje til tenkje paa, at det kunde vera noko gale med detta breve; men det var no tvo kjeltringar som hadde sendt honom det.

Daa 'n endeleg kom til Kristiania, so spurde han alle 'n kom innaat kvar den Lattergata var; men det var ingin som kunde segja 'n fyre med det, for det var vel ingi gate i heile byen som heitte slik.

DRAAPE PAA VRENNE. BERGMINAR'N.

Paa Vrenne var det tvo brørar, som deila garden millom seg. Erling og Steinar heitte dei. Paa luten hans Erling stod det eit stort gildt loft, og det var Steinar so ovundsjuk paa bror sin for. Ein kveld hadde Erling og den tolvaarige sonen hans vori ned-

paa Norefjorden og fiska og kom seint heimatt. Dei la godt paa peisen, og Erling tok ein krakk og sette framaat varmen og la seg der til aa verme seg; guten stelde seg uppi peisen. Utanfyre glase stod det ein aa lura paa dei med ei ladd byrse. Det var Steinar, som vilde skjote bror sin; men so lengi guten stod i peisen torde han ikkje, han var rædd 'n skulde raake honom med. Som det leid paa gjekk daa han burt i sengi og la seg, og daa small det. Erling trilla ned av krakken. Kula hadde gjengi tvers i gjenom 'n og i mot aaregrima og attende og vart liggjande paa golve. Guten fór uppatt or sengi og fram til far sin; men daa var han alt død. Myrke haustnotti var det, men guten var daa so moda, at han la ut og burt paa laaven til slaatefolki, fekk vekt dei og fortalt dei det som var hendt. Dei kom seg upp og fekk bod til grannegardane etter folk og skulde faa tak i mordaren. Kona hans Erling sat paa heimesætri endaa, daa ho fekk uferdsbodi.

Steinar fekk dei ikkje tak i. Han rymde uppi aasane og heldt seg gøymd der ei tid, og stundom kunde dei høyre han huga og lét. Sea vart det stilt, og ingin saag 'n meir der i bygdi.

Mange aar etter var ein mann ifraa Nore burtover til Telemark, og der raaka 'n ein mann, som spurde so etter alt ting ifraa Nore, og daavisst koss alt var i Vassbotn, grendi ikring Vrennegardane. Det trudde han var 'n Steinar.

Han Erling hadde nok heller ikkje vore so ærleg i si ferd, og difor so synde vardøgere hans seg for tvo mennar, som hadde utestandande med 'n, i same stundi han vart skoten. Den eine var Ola Fønnebø fraa Uvdal. Han kom gangande uppetter Numedalsvegen. Daa han kom so langt som til Skogen, tok det til tusle attanfyre 'n liksom einkvar gjekk etter 'n, men han saag inginting. Han Ola var ein djerv kar, inginting var 'n rædd; men detta tok 'n til lure paa kva kunde vera, og daa 'n kom so langt som til

Rikansrudhagen, so gjekk 'n inn der, for der budde det tvo gamle folk den tid. Han fortalde inginting um det han hadde høyrt, men sat der eit bil og rødde og godgjorde seg, tenkte 'n skulde daa bli kvitt detta uhuggelege fylgje. Men daa 'n kom ut att og drog vidare, so vart det upp i det same. Tusla og gjekk og liksom ein skugge fylgde etter 'n.

Daa 'n kom so langt som upp paa Fønnebøfjorden snudde han seg og la til spurde: «Hø i Jøssu navn, hø æ dæ so følje me?»

Daa svara det at det va 'n Erling Vrenne. «Vi du tegje me?» sa han.

«Ja sovisst so Vaarherre tegjev de, so vil e tegje de,» svara Ola.

I det same vart det so ljost ikring 'n, at 'n kunde sett aa trædd ei naal. Og burte var det.

Han Erling hadde fari med svik mot Ola og kravt 'n tvo gongir for ein pant i garden, det var det 'n bad um tilgjeving for. Ola hadde maatt fari fraa gard og grunn for det same, han.

Han Ola Fønnebø var forresti ein stor stakar. Til vanleg kalla dei 'n Bergminar'n, for 'n fór aa grov i fjelli etter metal. Men dei hadde no ikkje dei greidune til arbeid fjell og stein med daa. Det var aa brenne store baal til fjelle vart møyrt og so slaa laust det som var aa faa, og so til aa brenne att. Soleis var det han gav paa Bergminar'n med, og ein kan sjaa gravingane etter 'n den dag idag. Han bar store skreppur fulle av stein alt til Kristiania, stein som 'n trudde det var metal i. Han var iveg fleire vendur med desse steinbyrdane sine. Det var kje køyreveg i den tidi, maa vita. Men det vart aldri noko av det for honom med detta, anten no denna steinen inkje noko var verd, eller dei, som skyna seg paa det, narra det av 'n for lite og inkje. Det er kje godt aa vita.

Men koss no detta var og ikkje, so bala han so med det, at han ikkje dreiv garden sin paa noko

gjerd, og daa 'n so maatte bitala eingong til den panten til 'n Erling Vrenne, so vart 'n selt ifraa 'n.

Han, som kom til aa kjøpe Fønnebø, heitte Hans. Ein dag denna Hans'n heldt paa gjærde træir paa ei slett austan garden, kom son til Bergminar'n gangande. Han tenkte seg til aa ha moro med guten, fordi dei hadde mist garden, og sa: «No ska e gjære træu før Fønnebø'n.»

Paa ein maate vart det so med, for guten kom til taka att farsgarden med odel. Ho Gjartrud, kona aat Bergminar'n, meinte paa det, at ho vilde til Fønnebø att, um ho skulde gange skorne sine i blod, sa ho. Ho fekk med seg mannen og drog utover Numedal og gjekk alt til Kjøpenhamn, og bad kongen aa faa att garden, som var komi fraa dei med svik. Og kongen skipa det so, at sonen deira fekk att garden med odel.

Paa heimattvegen fór dei igjenom ein stor skog. Daa vart kona baanesjuk. Men Bergminar'n, som var ei ovkjempe, var kje raadlaus. Han tok kona si i fange og bar ho. Fysst kom dei til ei par stellur, som dei vart visa paa dør att; men so kom dei til ei fatig hytte, og der fekk dei vera, og der kom det til ei liti gjente, som vart kalla Gunhild. Sea paa heimferdi raaka dei nokre fine folk, som endeleg vilde fengi denna gjentungen deira, for ho skulde vori so makalaus fin; men foreldri var kje god til aa gjeva ho fraa seg.

Tilslutt fekk dei daa sliti seg heimatt, og vart buande paa Fønnebø. Ho Gjartrud livde ikkje so lengi etterpaa, og Bergminar'n gifte seg att med ei heitte Helga. Sonen deira gifte seg med, sosnart han fekk garden.

Bergminar'n hadde ein farbror heitte Hallvor, som var uvanleg stor og sterk. Han hadde Ljotegard, og kona hans var fraa Rudi. Ho heitte Sigrid. Folki hennar vilde ikkje ho skulde ha han Hallvor, og eingong han var burte, reiste dei til Ljotegard

og tok ho att. Daa Hallvor kom heimatt og fekk vita detta, drog 'n etter til Rudi. Der var lag daa, og Rudikarane var gjetords kjempekarar dei med. Ljotegard'n kom inn og hoppa og dansa paa golve og morska seg til — og ingin vaaga seg innpaa 'n. So spurde han ho Sigrid, um ho vilde bli med honom attende.

«Aaja du veit vel, e vil bli mæ,» svara ho, ho var endaa so rar i maale.

Daa tok 'n ho i fange og bar ho ut og drog heimatt med ho.

Eingong fyrr var det leven og slagsmaal i Husebøtune. Daa var Hallvor Ljotegard med, og Bergminar'n var der au, men daa var 'n berre sovidt vaksin. Husebøkarane var sterke agalause kjempur, og lo aat Bergminar'n og kalla 'n gjætargut, og daa skulde dei snart faa gjort upp med 'n, let dei um. Og det fekk dei sakte, for Hallvor og Bergminar'n julde dei, so det var ei gru. Sigrid Rudi og nokre andre gjentur var med tilstadar der. Som dei var so paa det næraste ferdige med einannan, karene, fekk ho Sigrid dregi Hallvor med seg.

«Aanei, som du ser ut lell!» gret ho. Blode sila nedetter andlite paa 'n, so 'n hadde nok vorti merkt av slagsmaale han med.

RØYSLAND-LENSMANNEN.

Paa Røysland budde det ein fæl lensmann eingong. Uvenir var 'n med kona si, og ein kveld kom 'n paa, 'n vilde drepa ho. Ho sat paa ei sæter uppaa Røyslandberge, og han drog iveg der upp. Som 'n var komin mest upp til sæterbudi, fekk 'n høyre, ho sat og song paa ei salme. Han stana og stod og lydde paa detta, og totte aldri 'n hadde høyrt noko so vænt. Det kom for 'n, at det var baade synd og

skam aa drepa henne, og gjekk inn i budi og let seg ikkje merkje med nokon ting.

Denna same lensmannen hadde garden Gryting i Vikangrendi med og budde stundom der. Det gjekk ord um, at han heldt seg med ei gjente, og at ho hadde vorti med barn, og daa 'n vart vis med det, so hadde han drepi ho og fengi ho undan so ho aldri spurdest meir.

Paa vegen fraa Vikangrenda og heimover Høvdedalen hadde ei kone sett denna gjenta etterpaa. Ho gjekk vegen heimover, og paa same tid høyrde denna kona saar baanegraat.



Lensmannen kom til døy i Gryting. Til gravøle skulde dei brenne brennvin burti ein dal, for der var det so godt um vatn. Tenestgjenta skulde vera der og sjaa etter detta; men so sprang ho som snarast inn att. Daa ho kom att, sat lensmannen og pusta og bles i varmen. Ho vart so rædd, ho sette inn og fortalde det. Men daa dei andre kom og vilde sjaa, so var 'n burte.

Dagen 'n skulde til jordi, so køyrde dei like heimover Hovdedalsvegen. Daa dei hadde komi midt uppi dalen, tok hesten til aa slite og draga so fælt, og tilslutt fekk han ikkje lasse av stae flekken. Ein mann som visste noko meir enn andre, skyna at det maatte vera noko sers tids. Han tok loke av kista og gjekk fram og saag gjenom beisleringen. Daa fekk han sjaa ein stor svart fugl flaug upp av bringa paa like og vart burte. Som dei skulde til fara att, flaug hesten so uppover, at det var med naudi aa fylgje.

Kona fylgde ikkje mannen til kyrkja; men ho hadde stadi i tune og sett tilburden. Daa sa ho det, at detta var noko ho hadde venta paa — ho visste

fulla best for eit menneskje mannen hennar hadde vori.

*

Men den gamle Røyslandslensmannen var i ymse ein god mann for bygdi si. Det var soleis ei stor konntoll paa den tidi, og denne fæle tolli vilde han faa avlyst. Han skreiv ei lekse, og sende Per Tøndberg til kongen i Danemark med ho. Per vart noko lengi burte, so lensmannen ikkje trudde han kom att. Ei heitte Anne Roe var skurdekjerring paa Røysland nett daa. Ho stod i aakeren og skar, og daa fær ho sjaa Per koma sunnantil og draga forbi med trøya paa armen. Ho fortalde detta til lensmannen, men han trudde det ikkje.

«Nei, han kjem nokk ikkje att, aat 'n gjere; han hadde kome te me daa,» sa han.

Per hadde vori so trøytt um kvelden han hadde stroki rae heim. Dagen etter kom 'n til Røysland. Tolli vart burtteki, fortel dei.

Det skulde vera den gamle lensmannen som fekk skipa det so til at det vart arbeit veg fraa Skogen og upp til Fønnebøfjorden forbi Rikandsrud med. Fyrr gjekk vegen fraa Braaflot og upp um Vikogrendi upp Hovdedalen og til Fonnebø og dei øvre gardane nordover. Nede i dalen var det ingin veg den tidi.

*

Lensmannen skulde vori ein drivare paa garden, og so var han timmerhandlar med. Han dreiv timmer heilt ovantil Uvdal og radt til Larvik. Han fløytte timmer radt fraa Bersestulen, og der hev det ikkje vori drivi anten fyrr eller seinare. Det visar merkje etter skaadammar i elvi enno. Han

miste endaa ein av sønine sine i fløytingi i Smaadøla, og det var uti Juvo, lite lenger upp enn renna tek til no. Dette skulde han teki seg nær av, og det var visst etter den tidi han slutta med timmerhandelen.

Han dreiv upp garden so han hadde 14 hestar i arbeid paa Røysland vinter og sumar, og attaat fødde han millom 25 og 30 kyr.

Um sumro hadde han faste karar til aa fiske i dei store fjellvatni, og han leigde faste reins-skyttarar og faste karar til føre fengdi heim.

*

Naar lensmannen køyrde til jolemessa, so bruka han ein sers svipustokk, som han kalla «An'dag jol». Denne stokken var utstasa med lerflettingar og uvanleg stor. Han var paa Røysland lengi, men no er 'n burte.

*

Det skulde jamt hendt i den tidi at deim i Røysland bad inn folk av dei beste kjempekarar i bygdi, fylde dei upp so dei ikkje kunde stande for seg sjølve, og so hadde lensmannen sønine sine til aa smyrja paa dei. Han totte det var ein stor heidr, at gutane hans paa denne maaten kunde banke upp likaste kjempekarane.

Han hadde tri gutar og ei gjente. Gutane døydde unge, men gjenta vart gift og buande paa Røysland.

*

Paa reisune sine til byen um sumro bruka han 6 og 7 klyvhestar, og ein hadde klyve med papiri og skattepengane. Til dette klyve hadde han nokre svære holkar med gilde jarnringar rundt og sterke

laasar for. Den eine av desse holkane hev Kjetil Gallaaker den dag i dag.

Det er segn um at han paa ein bytur skulde nærpaa vorti røva. Det var ute i Maugerudmogane i Flesberg. Men det gjekk gale for dei. Den eine hoggi lensmannen i hel med sabelen sin med ein gong, den andre kom seg sovidt undan; det var tvo av dei.

*

Det var ymse med spøkeri og trollskap paa Røysland serleg etter gamlelensmannen var kvitt. Men det var visst ikkje tryggt fyrr heller.

Ein vaar dei sleppte ut kalvane, so fekk dei deim ikkje av flekken. So gjekk tenestguten inn og fortalde detta.

«Aa ja fær de inkje dæ, aat de gjera,» sa lensmannen.

So gjekk ho Gurid, gamla, ut, og daa kom dei lause, og daa kan det hende dei flaug i.

*

Det var eingong nokre fraa Brostrud kom inn paa Røysland; dei hadde vori til kyrkja, og dei hadde eit lite baan med seg. Som dei hadde kvilt og stelt seg og vilde til aa reise att, so sa ho Gurid Røysland det til dei, at det var betre dei var. Men heimatt vilde dei, det var kje aa faa vendt dei i det.

«Dæ høver inkje aat de reise mæ dæ vesle baane paa kvelden,» sa ho Gurid.

Men dei kom ikkje lenger enn til ei grind dei kalla Gomogrindi i ei dokk ende norda Tingstogo; der vart dei stana og kom ikkje av flekken lenger, dei fekk ikkje hesten eit fet fram, og so maatte dei reise til Røysland att.

«Ja, eg s'jønna dæ nokk,» sa ho Gurid.

*

Gamle Goes-Gurid tende paa Røysland, og eingong ho stod i fjøsdynni der, fekk ho sjaa ei ferd med svarte hestar koma framum etter vegen; fjøse stod paa øvre sida den gongen. Det var um kvelden detta.

*

Ein tenestgut heitte Tor var paa Nord-Tufto, og han og ein kar til vart sendt nord til Brandsgard etter nokre brennvinskoppar. Daa dei hadde vori heimatt med koppane og var paa attendevegen, gjekk den andre bar paa ei teine. Som dei var komne paa mogane ende norda Røysland, vart det so kurt totte han Tor som gjekk fyre. So snudde han seg og saag attende. Daa fekk 'n sjaa den andre vart dregin uppetter ein stein med teina paa ryggen.

«Men hø i Jøssu namn æ dæ som bli de daa!» sa han Tor.

Daa datt hin nedatt som ein stein.

*

Ein gong seinare reiste han Tor framum Røysland um notti. Daa høyrde han det spila so fint paa fele der. Det var inne i den store gamle stogo paa nedre sida av vegen. Komin framum stogo kjem det ein stor svart hund og fylgjer 'n eit lang stykkje burtetter.

*

Eg heldt til i den gamle tingstogo paa Røysland med eg køyrde timmer i Brandskard-lidi, fortel Nils Ladehus. Med eg sat i den gamle kubbestolen og koka kaffi um kvelden, veit eg ikkje orde av fyrr dynni gjeng upp paa vidan vegg.

*

Gamle Kjetil Gallaaker kom austantil fraa sætri. Sud i Røyslandsmogane sprang bakkila paa hesten tvert av, og aldri han fann ho meir. Det var mot kvelden detta.



So var det eingong Ola Ivarson Bjønnsrud skyssa amtmannen nord i Røyslandsmogane. Han hadde ein blaa hest som dei kalla Bankeper-Blaaen. Amtmannen heitte visst Brede. Hesten vart slik at han kom ikkje av flekken. Amtmannen leda og ringa med taumane, men hesten stod og inginstad kom og inginstad vilde. Som detta hadde haldest eit bil, byrja hesten aa leda aa gange, og hadde han banna daa, so hadde han nok fengi køyrt seg, men det gjorde han ikkje.

«Har det skjedd noenting her?» spurde amtmannen.

Ola fortalde at den gamle lensmannen skulde ha drepi husmannen sin paa den staden.

«Det kan jeg forstaa,» sa amtmannen og var bleik som eit lik.



Ei segn veit aa fortelja at det eingong skulde ha vorti drepin ein mann i det øvre rome i Tingstogo paa Røysland. Det skulde vera umogeleg aa faa vaska av blode; det synde so godt paa dei umaala stokkane.

EIN TROLLMANN.

Det var ein mann her fraa Uvdal, som heitte Stein, og som kunde lite meir enn fadervaare sitt. Ein dei kalla Tyrihøvd'n kom gangande over Daga-

lid-fjelle, og so kom det eit taterfylgje etter 'n. Han var so ein raring denna Tyrihøvd'n og liksom so endefram i rødune. Koss no detta var so hadde han komi til aa fornærma dei, og ei av taterkjerringane tok tri mollnevar og kasta i bringa paa 'n, so 'n datt som 'n var daud. Taterane fór sin veg og let 'n liggje; men so kom det nettupp farande ein mann og fekk sjaa 'n og skyna koss detta var vori. Han fekk tak i Stein, og han sala hesten sin og drog etter taterfylgje paa raude rappe og formeinte seg paa, at det skulde dei gjera godt att. Daa 'n naadde dei att var 'n vill og galin og let um at dei skulde bli med attende, eller so skulde han gjeva dei same traktemente. Taterane var nok glade, dei slapp med det, og fylgde han Stein attende og tok att trollskape, dei hadde kasta paa Tyrihovd'n, so han kom seg att med same og var like god.

Ein gong var han Stein og ein som heitte Gudbrand ute paa handel. So kom dei til ein gard, og der hadde det stupa daud ei kyr paa baasen um notti, med dei laag der. Um morgonen so spurde han Stein kona i huse, um ho vilde vita, um det var folk, som hadde gjort detta. Jau, ho let um, ho gjerne det vilde. So var det um ho hadde nokre kalvebein, og det fekk 'n, og dei tok 'n og brende paa dei frammi peisen og snudde og vende paa dei. Detta hæla 'n paa med ei stund, og so sa 'n:

«Jau dæ æ nok følk, som ha gjort datta. Snart kjem grannekjeringje di o vil laane noko av de, men daa maa du sea nei.»

Som det leid paa lite, so kom grannekona og bad um aa faa laane rokken. Nei, det fekk ho daa ikkje. Dermed so gjekk ho sin veg.

«Ho kjem nok att eingong te; men du maa kje laane 'o noko daa heller,» sa 'n Stein.

Og att kom ho, og daa var det kardane, ho vilde

laane, men fekk no ikkje dei heller, og so maatte ho gange sin veg att.

Tridje venda kom ho attdrivande. Men daa bad ho ikkje um aa laane noko, ho vilde svalle aaleine med den framandkaren, som var der, sa ho. Og Stein fylgde ho ut. Men kva dei svalla um, det fekk ingin vita.

Sea so spurde Stein kjerringi, som hadde mist kyri si, um grannekona skulde faa same skaden, som ho hadde lidi. Nei, det vilde ho ikkje.

«Ja, hadde du vilja, so skulde nok e vøre mann før, at ho snart hadde mista beste kjyre si, ho mæ,» sa 'n Stein.

GAALAAS-MAN'N.

(Fraa Flesberg).

Fær vælsaa 80 aar sea va dæ enn mann paa Nor-Gaalaas som ette Ola Nirison. Han var saa fæl enn gauk te finne paa ælltingen.

Enngong kom dæ enn fattimann tegars aa ba om hus te natta. Dæ fekk 'n, aa saa la 'n sei om kvæln. Han gjikk paa lønnesko denna fattimann, aa om maaraann va Gaalaasn oppe aa fekk tak i skoa aa hakka dømm saa væl smaa han fekk dømm, og saa stekte han aa bræsa dømm godt inn mæ fett.

Lei paa kom fattimann au opp aa tok te klæ paa sei; men saa kunne 'n inkje finne lønneskoa sinne.

«Dæ æ bære du et, saa kan du ha paa dei da,» sa dømm te 'n.

Saa gjore 'n dæ, aat aa gogjore sei aa la inn dugele a den værme pannematen, som va sett frampaa te n'. Da 'n hadde plugga i sei saa lenge 'n aatte rom, takka 'n aa vælsigna for maten, aa saa tok 'n te rusle aa leite etter skoføta sinne igjen.

«Je kan da væl inkje ha ete dømm opp,» sa'n.
«Jau, dæ æ d æ du har,» sa Gaalaasn.
Fattimann fekk ett par nye sko ista'n.

*

Gaalaasn skulle vara saa go te gjøra kaanstir. Saa va dæ enngong da, saa kom dæ enn gutt te 'n aa ville lære detta a 'n. Jau da, dæ va kje ore imot, dæ; men 'n laut følje 'n bort i skaugen. Aa gutten følde. Ett stykkjy bori kom dømm te ei stor fæl kvistegran, som va heiltopp løinn ta lav. Oppi denna grana skulle gutten klive, aa te høgære 'n va go te kaammaa te bære va dæ, aa saa kleiv gutten liksaa godt heilt opp i taappen. Da va hin færi aa sette værme paa grana. Ellen fata fort i lave, aa dæ va kje om-aa-gjøra før heile tree sto i lys laagaa. Gutten prøva naa kaammaa neatt foræste 'n kunne, veit du; men da 'n kom neover ett stykkjy, færgjikk dæ 'n, aa saa sleppte 'n take aa datt ne aa slo sei mest ihæl.

Men da hadde Ola moro.

«Naa kan du sei du har vøre hos Gaalaasn aa lært kaanstir,» sa 'n.

*

Enngong va dæ gjestebø i Rinnom; men Gaalaasn va kje bett, aa dæ lika 'n inkje. Mæ dømm satt ve bore aa aat aa drakk aa kosa sei um kvæln, va Ola færi aa stengde att dynnænn aa stappa enn høysekk i pipa, aa saa flaug 'n heimatt heitæste 'n kunne. Men dæ va bærre saavidt 'n hadde faatt skoa a sei aa lagt sei, saa kom dømm etter 'n aa ba 'n te lage.

Dømm visste dæ ingen ah va som hadde vøre ute mæ spikka sinne.

*

Enngong la 'n mest full ei stor smørbal mæ graut aa saa bærre ei tunn skove mæ smør oppaa, aa saa strauk han te by'n mæ bala. Dømm spurte haa 'n ville ha fær smøre sitt.

«Dæ kje smør, dæ æ graut,» sa Gaalaasn.

Men dæ trudde dømm naa inkje, aa kjøpte bala a 'n. Etterpaa ha dømm tak i 'n fær detta, men kom ingen veig.

«Je sa dæ va graut, je,» sa 'n.

*

Dæ kom ei fantekjæring te Gaalaas enngong. Da hadde Ola rennespelle saa reint fælt.

«Aa je har saa hart liv, je faar kje gjort nokon ting. Du veit vel inkje noko raa fær mei, du?» sa 'n te kjæringa.

«Faa sjaa dei bak,» sa kjæringa.

Ho saa fekk — aa spruten sto.

*

Han va stærk au. Men ei vende va dæ paa nippe mæ 'n. Han ville hævja ut tri taterfantær, aa dæ sto ett hartak før 'n fekk dømm paa dynna. Han slo ennda ut auge i den enne.

STEINAR GLADHEIM.

Ein kraamkar ifraa Vegglid heitte Steinar Gladheim narra ei gjente fraa Selgjord. Ho heitte Guro Vefall og var haldi ei gild gjente i bygdi. Ho fekk eit baan som numedølen vilde banne ifraa seg; men det fekk 'n ikkje lov til.

«Du kan kje vente e vil ha de, e som kan faa lessmannsdøttere som har tusen dale aa eit kvartel smaapengar,» sa 'n paa forhøyre.

Eit stev fraa Selgjord luar so:

Steinar Glaheim han gjore ille
som narra Guro som va saa gjill'e.
Aa Guro Vifall fekk hjartesut,
fe Glaheims-kjeltringjen skjemd' 'o ut.

Steinar Trongkleiv i Selgjord hadde fritt te Guro fyrr, men ho vilde ikkje ha 'n. Daa ho fekk detta baane, freista 'n paa nytt lag; men det var **nei** daa med.

Um dette er det au eit stev ifraa Selgjord:

Steinar Trongkleiv gjekk kjeik mæ skreppa
aa tenkte 'n skulle faa Glaheimssekkja;
men Glaheimsekkja gav knubbe or:
«Du kan struk' i aar som du gjor' i fjor.»

Steinar Gladheim vart sea gift med Kari Kjønntveit og budde i Kjemhus i Vegglid.

Mor hans Steinar var med paa tinge paa Mogen i Vegglid. Ho vilde sjaa baane, daa Guro møtte upp med det paa forhøyre. Daa ho hadde sett **det**, vilde ho ikkje 'n skulde gjera eid.

Baane aat Guro og Steinar var ein gut som vart kalla Hallvor. Mor hans var so imot giftarmaale hans, men det muna ikkje. Daa lova ho, ho skulde koma att etter ho var død og krympe honom.

Eingong han kom fraa fesjaa i Selgjord, vart han so ille uti det i Gravestaa ved Garvik um kvelden. Han vart ikkje i hæve sea — hovude var vrie skakt, og tunga hekk paa eine sida i kjeften.

TORSTEIN BRONSDALEN, LARS KVISLE OG GUNNULV SKAGJE.

Dei var kjempekarar alle tri og livde paa ei tid. Paa Kongsbergmarknaden slost dei tidt og ofte med «vestmennann».

Eingong hadde Torstein banka upp Lonarane og mest flaadd andlite paa dei. Næste marknaden møtte karane upp att.

«Hu me, Lonarænn! No ha de faatt ny h u !» sa Torstein, daa 'n fekk sjaa dei. Men daa var det ikkje lengi fyrr det bar ihop med dei att.

*

Lars Kvisle var ein gjetords kjempekar, men noko sein av seg, so dei som var rektig heite, raaka til faa 'n nedpaa.

Han slost med Bronsdølen eingong, og so var det visst so det hadde gjengi paa 'n til aa byrja med. Men daa han hadde vorti uppmøykt, vilde 'n halde paa; men daa var Bronsdølen mett.

«Du æ ein stakkar, du Bronsdølen, som inkje vil slaass ein time,» sa Lars daa.

*

Lars Kvisle og Gunnulv Skagje var grannar, og baae so vilde dei bera bjølla. Dei var i basketak tidt og ofte, og det gjekk so upp og ned.

Um Skagje'n fortel Kjetil A. Flatin i boki si «Gamle hermennar fraa Telemork»:

«Ein dag skulde Halvor Vaa og Skagje'n moka gata nedi Staværen. So kom karane til nappast um ei snjoreku, som dei baae vilde ha. Alle tottest detta var uvitugt av Halvor aa gjeva seg ut med slikt eit vaae ting som Skagje'n.

Reko braut dei no fysst i mange stubbar millom seg. So tok dei tak i kvarandre for aalvor. Halvor fata daa tak i føtane paa Skagje'n, lyfte honom høgt uppi vere og slengde honom attyver seg, so han kom nedatt paa ryggen i gata og skam-skvette seg fælt.

Halvor Svanajord i Ordal laag ute sama gongi, han fortalde detta og hadde sjølv sett paa dei.

Gunnulv Skagje var numedøl og kraamkar. Han ferdast mykje i Telemork og bar paa ei skreppe so uhorveleg stor. Skagje-skreppa var namnspurd, ho.

Sjølv var han au ovlæte storbuna og grovlagd. Kjakine hans var ei halv ali fraa øyro til hoko, segjest det. Han hadde dansa frikar paa Gjettumsalen paa Kongsberg mang ei gong.

Ei gong var Tor Sevle (bror til mordaren, Sevleguten) der og ruta og kytte so fælt. Daa var det ein av spelemennane, Løytnandrengjene, dei kalla, som erte Tor so fælt, at han dansa hallingen og rudde salen. Skagje'n slengde seg au frampaa golve og gjorde nokre kast; men han var gamall daa.

«Eg tóler ikkje slike tøysekyr paa golve!» sa Sevle'n. «Du hev eigong vori god kar; men no er Skagje'n forgamall til fylgje Sevle'n i hallingdans,» sa han.

Skagje'n tagde og tukka seg til kross daa.

Heimleg au so hadde Skagje'n hug til skræme folk og jaga dei ut i dansar og soleis. Men han bruka mest aldri kjempeskap mot andre enn gjetords gode karar.

I eit dansarlag uti Nore eingong gjore han seg til, so dei rymde paa dynni alle saman nærsom Sjugurd Rolvsrud. Gunnulv totte ikkje det var bry med aa slaa og banke upp honom; men so tok 'n og vilde rive ut take i munnvikane paa 'n. Daa var Sjugurd ferdig og beit fingen av 'n.

Dei spurde Sjugurd etterpaa koss det hadde seg, at han gjorde det.

«Tenkte dæ e, aat naar 'n vilde gjeva me salt, vilde e slekje ta haande hass,» svara han.

Sjugurd Henrikson Rolvsrud var ute i ufreden 1807—14. Han laag paa Hallen, og var pipeblaasar. Han døydde i Køsinn, plass under Kravik. Daa var han fatiglem.

PRESTTOLLVATNE.

(Fraa Uvdal).

Paa heimfjelle i Kveta-eigedomen i Uvdal ligg det eit stort fint vatn som heiter Presttollvatne. Det er djupt og det renn ei stor aa or det, og den so fin at det kunde gange fisk aai tilendes baade upp og ned. Men likevæl finnst det ikkje fisk i det vatne. Og det merkjelege er at dei tvo Kvetavatni som aai or Presttollvatne renn i, er fiskerike, og det er kje anten fossar eller anna som kan stengje fisken i aai fraa aa koma fram.

Segni segjer at det eingong var ein prest i Uvdal som kom i klander med grunneigarane um retten til fiske i detta vatne. Det vart sak av, og presten tapa, og so hemnde 'n seg med aa forgjera vatne, so ingin meir fekk fisk i det.

Eingong freista nokre fiske der, og daa fekk dei fisk som var lodin og hadde so stor skalle og saag so ut at det var fælt.

LANGE-NILS.

(Fraa Uvdal).

Dei kalla han so, men han budde i Goesplassen i Uvdal. Eg minnest honom gamall mann i 1870. Daa var han so stillfarande. Han dreiv av og til aa slakta for folk um haustane. Den urette mammon hadde han lite av; men det saag ut til han var nøgd likevæl. Det var i 1850-aari at ho Kari Heie stundom «fallt» og laag som ho var daud, medan anden hennar tok turar baade til Himin og til Hel. Forteljingane hennar verka paa mange i Numedal og paa honom Lange-Nils med, so han maatte byrja som botspreikar, og daa han ikkje var uppblesin av kunnskap, sa dei at det var hjarteleg og greidt det han kom med.

Daa han hadde vitna for bygdefolke sitt, so dreiv anden honom vidare, og han reiste til Nore. Der skulde han tala hjaa ein mann som hadde ei ny, stor stogo. Talaren fraa Uvdal vilde dei høyre, og stogo vart stappande full med folk. Men koss detta var, so hadde han ikkje anden no, og Lange-Nils vart redd. Han sat i høgsetbenken bleik som ein prest eller ein klokkar som skal tala fysste gongen. So reiste han seg upp og song eit vers paa sin eigin tone. Dermed byrja han so:

«Mine hjærtens elskede noringer! Det falder mig saa tungt at tale i denne nymalede stue, men jeg har et ord at sige eder alle, og det er godt: Hvo som strider han vinder, amen.»

Dermed var det slutt, og kvar gjekk heim til sitt. Men anden dreiv ikkje Lange-Nils til Nore meir.

SATAN PAA DANS I RAULANDSTOGO.
(Fraa Uvdal).

Ja dette var med stogo stod paa Rauland i Uvdal. Det var ho gamle Ingebjørg Trompeplassen som fortalde dette i 1869, og ho var daa gamall og ei gudeleg kjerring. Men i ungdomen hadde ho vori lystig, ho med, og glad i dans og allslag moro, sa ho. og so var det ein sundagskveld at dei skulde faa ha dans i den store Raulandstogo. Det strøymde til uhorveleg mange folk, og det var mange fulle som var noko ustyrne.

Tett innanfyre dynni var det ei seng ved veggen paa austsida og likeins ei seng ved veggen paa vestsida; men elles var det mollbenkir rundt heile stogo. Framfyre sengi paa austsida stod det ein krakk, som var noko lenger enn sengi.

Dei dansa nokre springarar fysst, men so kom det ein halling, og daa øste dei seg upp, so det var

spøkjeleg. Gjentune stod og saag paa, paalag som gjeitane naar bukkane stangast. Men med eitt vart det kurt. Nokre gjentur stod bleike som daudingar og peika paa krakken framfyre sengi — der laag det ein lodin mann med ryggen ned paa golve og føtane spende um stegi i den eine enden og hendane spende um stegi i den andre enden av krakken. Augo var store og lysande, og neglane var styggt lange. Medan han laag der, stod alle kurre og ingin tala. Dei saag han eit langt bil, men so med eitt kvarv han burt.

Dansen var det slutt med; men ingin torde gange heimatt aaleine. Ein flokk gjekk til Millom-Rauland, ein til Flaataa og nokre til Gallaak og var der til det vart ljost. Resten var att i Raulandstogo til morgons.

Dette var siste dansen ho Ingebjørg Trompeplassen var med paa.

Ymse stubbar.

BREI-IVJU.

(Fraa Flesberg).

I Ørstein laga dømm saa mykkjy pølse i gammæll ti. Saa va dæ enngong dømm hadde gredd te ei som va saa gjærløst stor. Men da dømm skulle aat bua mæ 'o saa reste 'o utover bakkænn fær dømm aa ne paa flata aa rente mot bastugu i Søre Vangesta aa slo denn overenne, aa i dæ samma sprang 'o sunn aa pølsa flømte utover heile jore. Da va dæ Brei-ivju vart.

SMØRKRONA.

(Fraa Lyngdal).

Ende aavaafyry Kvænnænn æ enn bratt aas tett ve veigen; denn eiter Smørkrona. Denn skæ ha faatt navne sitt ta dæ, at dæ va nokon som stal smør aa gjømte oppi dær enngong.

Naa hællingdølænn reste te Konsberg-mærken saa for dømm over Sigdæl aa over Hiaasskaugen aa Norskaugen. Saa va dæ ett skrei ta dømm som laag i Kvænnænn mæ natta. Da hadde tri lyngdølingær som au va dær, støle smørbalir ta lassa dømms. Men da hællingænn gaadde aat mæ dæ, da vart dæ nok hus — dømm slo kjuvænn mest ihæl. Gunnær Kjølber hadde kømme inn dær om maaraann, aa da saag dæ rekti ut som dæ skulle

vøre slakta ett storkrøtter, saa mykjy blo va dæ paa golve. Aa saa hadde dømm ledd kjuvænn mæ sei, aa truga dømm framatt mæ smøre.

Sea har denna aasen ett Smørkrona.

BRØR-STEINÆNN.

(Fraa Flesberg).

Paa Flæsebækk-fjelle i Søre Juveli-eiga trætta to brøær om deile. Saa vart døm te to steinær. Dømm staar saa langt ifraa ennann at enn kan gaa i møllom døm. Men enn bli saa rar i hue etterpaa.

TVO SMAAGJENTUR BLI BURTE.

(Fraa Lyngdal).

I Øvre Aasleggen budde for lang tid sea nokon fatige folk. Dagen fyre jol skulde tvo av smaagjentune deira fram i bygdi og beda seg. Um eftaen daa dei skulde heimatt, so tok dei feil av vegen, tok ein vedaveg i staden. Daa dei kom tilendes paa den, orka dei ikkje lenger, men la seg fyre og fraus ihel. Det vart sett upp tvo steinar der dei laag; den eine er burte, men den andre stend der den dag i dag.

HAUGKJEM.

(Fraa Vegglid).

Det var eingong ein mann som budde paa ein gard, og den garden heiter no Haukjem. Den mannen var endaa av fedrane til Herleik Haukjem som no er ikring 100 aar.

So var det ein joleftas-morgon han stod ute og

hoggi ved til helgi, han fær høyre ein fæl dur og eit grovt maal som sa:

«Haukjem, Haukjem! fraa Skjøndalaasen kom e, o te Skjøndalaasen reise e!»

Derav kjem det at den garden heiter Haukjem. Skjøndalaasen er ei sæter paa den andre sida av Lògen.

GAMMALT FRAA SIGDAL.

Det var ein dag je tok mei en tur op te ho gamle Guri Bjønnaasen, som bur aaleine i ei lita stugu langt oppi lia. Je ba ho førtelja nokon gamle skrønur om hulder og haugetuss og slekt noko. Men ho Guri bare rista paa hugu:

«Nei, de faar du mei ikkje te aa førtelja noko om,» sa ho. «Døm gaar bare aa har moro taa slekt naa før tia; men atte de e unnerjordiske te, de e liksaa sikkert som atte je sitt her.»

Da je hadde søtti aa gosnakka me ho Guri ei stunn, binte ho aa førtelja om haassen de va i hennas opvekst.

De va ikkje teaavers me skule da, aa de blei ikkje mikji paa hver i den tia Ole Nilsen va omgangsskulemester. Etter han kom Willomsen. Han blei klukkar au han, og va ein heil mester te aa singe. Salmevers og bibelspraak de kunne 'n, saa vi blei flinke før presten, aa vi lærte aa regne aa skrive noko au. Gamle Willomsen va en snodi skruve, og hadde ein hukommels som sa seks. Ein stor pratmakar va 'n, aa vælkømmin va 'n haa 'n kom hen. Han va en gjennom gosli og fredeli kar, gamle Willomsen, men kjerringa va ikkje støtt saa fredeli, aa de va ikkje bestandi døm va saa væl førlikte. En gong braut kjerringa ut i stor erjels aa undras paa haafør ei salme han ville singe naa ho va dau. De kremta Willomsen og sa:

«Da fekk je vel singe den salma: Syng høit min sjæl, vær hjerteglad, nu blir her fred paa jorden.»

De va ikkje støtt døm blei fæli paa ett aar naa døm jikk aa les i den tia. Han Tore Heljebraata jikk naa i fire, han, aa enda va 'n ikkje saa klein akkorat, men han tente hos presten aa va ein sprek arbeskar, aa saa lengen han ikkje hadde sløppi fram fekk presten behølle 'n. Fjærde aare slapp han Tore, men da va 'n jiftefæli aa hadde heilskjegg.

Presten va far før heile bigda i den tia, aa gamlepresten sette pris paa den værdiheta. Engong hente de førmannskape knaukla før ei bevilgning presten ville ha fram. Da blei gammel'n heit, slo i bore aa sa:

«Hva — hvad skal dette bety? Jeg vet ikke annet enn at jeg har konfirmert dere alle sammen.»

De va grunnar ingen kunne staa sei før.

Den gamle kjørka i bigda va førlita denti, men hadde vel vøre stor nokk naa. De vi har att taa gamlekjørka e en alterduk, ein døpefont aa en prekestol. Di tre tinga e vel di gjævaste i den nie kjørka. I den gamle sto Moses aa Aron paa hver si sie taa kordøra. Daa den nie kjørka blei ti i bruk, hadde døm ikkje bruk før lovmakerar aa ippersteprestar, aa saa maatte 'n Moses aa 'n Aron paa mørkelaafte, aa der laag døm i fleire aar. Naa har døm ti sei en bitur, aa vinglar døm sei ikkje reint bort saa finns døm att paa Norsk folkemuseum i Oslo.

Enda saa fint aa fraaseigjort som allting va i gamle dar, saa va de naa ikkje saa velløfti lel da. Treskemasjin, de va to kjeppar aa ei reim taa semska skjinn; aa rensemaskjin, de va en kasteskøvel aa en liten heimgjort sess. Kalle vintermaaran va beste laavevære, aa da jikk sliurn me tette slag klukka fire—fem om maaran. Da treskemaskjin aa normalarbisdagen blei oppfønni, sette døm oppnavn

paa sliurn, døm kalla 'n hungerstaven, aa han blei brent som en an heks.

Veven va velløftiaste maskjin; aa noko taa de fiste som jikk runnt før følk, va bekkekvenna aa hanntein. Haassen døm fekk spønni paa hanntein, trur je gaar runnt før følk den dag i dag. Taa lin aa ull blei alle klesplagg laga, men de har gaatt me di gamle linstabbura som me di gamle søllsmeane — de e tomt rom etter døm.

Kremaren budde paa Branes før i tia, aa dit kjørte døm to gongar i aare. Lasse neaaver va jenne tre kjirutinnur, noko smør aa ost, aa kanskje en strigesekk hell to me storfugl aa hara. De va meir slekt i skauen før, aa ikkje saa vettaskremt som naa. De va billi lossement i bi'n denti, aa lefse aa fenalaar hadde døm te niste. Heimatt hadde døm da litt kaffe, en sukkertopp, et sillekvartil, en sekk groft salt, og noko heil rug som døm mol sjølve. Naa døm kom heimatt fraa Branes aa sat runnt peisen om kvellen, blei de rillur om alt døm hadde sett aa hørt, aa kakjisma aa bunningen blei ikkje passa som døm sku den kvellen. Jamvæl legdekjerringa ga sei aaver før alt de nie som va blitt, aa haass de sku bli au, visst de hølt paa slekk.

Daakterar aa dirlegar va de lite taa, men saa va de mikji meir heimraair, saa følk va ikkje raalause; aa saa gredde døm sei me mikji mindre reseptar denti hell døm gjør naa.»

RELIGIØST LIV I NUMEDAL I ELDRE TIDIR.

Som andre bygdelag hev ogso Numedal sin kulturarv aa taka vare paa og si sermerkte sogu aa granske. Det kan vel vera at denne arven og sogo er rikare i sume andre bygdir; men det skulde berre skure paa numedølane til eit endaa onnugare arbeid med aa draga fram or gløymsla alt, smaatt og stort som kjem inn under desse ting.

Eg tenkte her aa koma med nokre drag som kunde hjelpe til aa kaste ljos over dei religiøse tilhøvi her i dalen i eldre tidir. Men eg maa paa fyrehand segja fraa at det ikkje er meint aa vera noko uttømande gransking av emne.

I Numedal som andre stadir, har heidenskape slegi djupe røtar i folke. Dei beste prov for det er, at det heilt ned til vaar tid finns atterstødingar av det, som har gjengi i arv fraa ætt til ætt. Jamvæl gamle gudenamn med leivur fraa asalæra har eg funni her.

Ei gamall kjerring som enno liver, sa det ein kveld me vaska ungane:

«De skæ kje vasske ongænn omm kvæll'n fær omm natta kjemm Løkjinn aa vasskær dømm.»

Eg spurde ho kva Løkjinn var for ein. Jau, det var ein dei trudde paa fyrr, sa ho. Det kom for meg med same at Løkjinn ingin annan kunde vera enn ein attergangar av Loke i den gamle gudelæra. Kjerringi hadde aldri lesi eller lært Noregssoge eller

paa nokon annan maate enn gjenom tradisjon fengi noko kjennskap til dette. Til samanlikning kan nemnast at dei i Telemark hev havt den trui at «Løkjinn dengjer ongænn sine», naar det sprakar i varmen.

Gamle folk her i dalen fortel, at dei klinde smør paa stogodynni eller stogoveggen for soli naar ho kom att um vinteren; det var helst der det var sollaust eit bil. At dette er ævur etter den gamle soldyrkingi, som er eldre enn asatrui au, er det vel ingin tvil um.

Ein medaldra mann i Lyngdal fortalde, at i gamle dagar so tok alltid husbonden i huse og skvette noko øl i elden joleftan, fyrr dei drakk av det. Likeins tok han noko av jolematen og gav til varmen. Han skulde ha noko av julekosten han au sa dei gamle. Med same husbonden hadde detta paa varmen, so sa han noko au, men det hugsa ikkje sogumannen min som hadde dette fraa mor si. Dette er nok ei leivd av gamall eld-dyrking og heng saman med soldyrkingi og var helst knytt til joli. Til jamføring kan nemnast at dei i Telemark drakk Eldbjørgminne, dei kalla, trettandag jol. Husbonden slo noko øl i varmen og sa:

«So høgt min ell,
men ikkje høgar aa heitare hell.»

Nett paa grensa millom Numedal og Sigdal livde det for faa ar sea ei kone som alltid slepte ei mjølklype i varmen naar ho koka grauten. Naar dei spurde ho kvifor ho gjorde det, so svara ho:

«Jau dæ gjore ho mor støtt, aa ho va æller matlaus.»

Det kjende hjuringverse:

Lova, lova line,
gjev sole maatte skjine o. s. br.

som eg au hev høyrt av gamle folk her i Numedal, er igrunn ei bøn til soli.

Joli var hjaa vaare fedrar midvintersblote, daa dei bad til gudane um godt aar og siger. Ei løyving av dette her i dalen er, at dei jolemorgonen skulde leite under borde etter konn som jolebukken skulde leggje att der. Fann dei daa gilde konn der, skulde det bli mykje konn komande aar, fann dei berre lettekonn var det klene vonir for aarsvoksteren næste aar.

Dei hadde au ein konnhaug liggjande paa laaven jolenotti. Um morgonen skulde dei sjaa fár i konne etter dei villdyri dei kom til aa fange det aare.

Den gamle skikken her i Numedal, som mange andre stadir, aa viksle med eld, maa ein sjaa i samanheng med trui paa eld og ofringi til den. Med same eit baan var tilkome og reiva og stelt, skulde det vikslast. Det gjorde dei paa den maaten at dei tende eld paa ein braudmole og svinga den over baane. Fysste venda dei hadde mjølka ei kyr etter ho hadde bori, so viksla dei mjølki med eld paa den maaten at dei slepte ein varmeglod nedi ho. For eit par aar sea tala eg med ein mann uppi Uvdal, som enno bruka aa viksle vaskevatne sitt fyrr han skvette det ut. Det var no so i all løyndom fortalde kona, ho lo aat det ho. Sovidt eg veit liver denne mannen enno.

*

Kristendomen kom som eit magtbod her til lande, veit me. Dette er vel au ein av orsakine til at det tok slik tid fyrr han vann inngong hjaa folke. Serleg i dei bygdir som laag noko avsides, heldt heidendomen seg lengi frametter. Det gjorde han vel au i Numedal. Soleis offisielt laut dei vel halde seg til den nye trui; men i løynd og naar det kneip so hugga dei seg til dei gamle gudane sine, og hadde bilæte av dei og trudde paa dei. Heilt til ned i det

nittande hundreaare fannst det dei stadir, der dei hadde husgudar som dei dyrka. Paa Kleiv i Morgedal, Telemark, hadde dei «Lille Kong Lavring», som er paa garden den dag i dag. Paa innsida paa ei dynn paa Fonnset i Lyngdal, Numedal, er maala bilæte av eit menneskje, og paa baae sidur av bilæte stend skrivi: «Dette er Lange Lafre». Eg skal undrast paa um ikkje dette bilæte og husguden fraa Kleiv er i skyldskap.

Eg kjenner ikkje beintfram til fraasegnir um husgudar her fraa dalen, ikkje i denne formi daa; men me kan nok vera toleg trygge paa at dei hev havt dei her med. Men naturdyrking hev eg funni fleire fraasegnir um fraa bygdine her. Paa Lid i Flesberg stod det ein stor brisk som dei dyrka ikkje so fælt lengi sea, fortalde ei gamall kjerring som nyss er død. Dei bar mat og drikke ut til denna brisken som var heilag, so ingin torde røre 'n. Men so kom det ei uvyre til garden, og han hoggi 'n ned. Daa kom det slik ein uslaatt paa krøteri, og ikkje var det raad faa sett paa kalvar.

Paa Vangestad i Flesberg stod det i gamall tid ei stor eik som dei soleis dyrka.

I Bratterud i Vegglid var det ei stor bjørk som dei ofra mat og drikke til og som ingin maatte leda. Men eingong dei hadde fengi ein ny tenestgut paa garden, og som vel ikkje visste um detta, hadde han klivi upp i bjørki og hoggi av nokre greinir til limeris. Daa Bratterudmannen fekk sjaa detta,, vart han herjeleg harm og truga guten til bera rise burtunder bjørki att og beda ho um tilgjeving.

Og heilage steinar og bergsnabbar er det segnir um at dei ofra til. Paa sætrane hadde dei ofte slike. Uppi Uvdalsfjelli paa ei sæter der er det ein bergsnabbe som dei kallar Saupnattin. Den passa dei alltid paa aa slaa noko av saupe paa kvar gong dei hadde kinna, so dei kunne ha lukke paa krøteri. Det skal enno syne etter saupe der.

Og at dei dyrka dyr uppover dalen, hev me fraasegnir um — heldt dei paa ein maate som husgudar. I Stuvestad i Flesberg hadde dei ein orm eingong som dei dyrka paa og som vart haldin heilag. Dei hadde han inni stogo, og der fekk 'n raada seg som 'n vilde. Han heldt seg helst paa mjølkehjellen under take og laag og aat rjomen av mjølkekoppane, og vart so stor og feit 'n var fæl aa sjaa.

All den rikdom det her i dalen er paa segnir um haugetuss og hulder, er ogso ei leivd av tru fraa tidir langt attende. Som professor Liestøl hev ettervisa, maa trui paa hulder og haugetuss ha sitt upphav i den gamle trui at dei avlidne fedrane tok bustad i haug og hamrar nede i bygdine og uppe i sætergrendine.

I denne samanheng kunde ein au nemne dei mange forteljingar som gjeng i bygdine her um attergangarar. Det er folk som ikkje fær fred i gravi, anten fordi dei hev gjort ei eller onnor ugjerning, som dei maa faa bøtt paa, t. d. drepi baane sitt og ikkje fengi det i kristna jord; eller einkvar løyndomen dei vil openberre; eller ei tilgjeving dei bed um, o. dl. Eller det kan vera baane som kjem att og aatvarar ei syndug mor at ho maa snu um. Eller det er ei beinvegjest straff dei paa denne maaten er tiletla.

Og her kjem me daa straks inn paa den mengd med truir og skikkar fraa heiden tid som etterkvart gjekk over i den nye trui og fekk sin svip av den, men som likevæl tydeleg skriv seg fraa ei mykje eldre tid. Umfram truir um hulder og haugetuss og attergangarar, kunde eg nemne mange ting i dei gamle høgtidsskikkane og truir som er bundne til brudlaup, barnsøl, gravferd o. s. br. Baade i det som fyrr er komi ut av «Gamalt fraa Numedal» og i folkeminne fraa andre bygdir, vil ein kunna pila ut mange døme som stadfester dette.

Men etterkvart fekk daa kristendomen fastare

tak paa folk. Og me lyt tru at den katolske læra med sine mange ytre skikkar og ceremoniar, med helgendyrking og relikvikyrking, jamna ut overgangen ikkje so lite. Til vederlag for dei gamle gudane fekk dei soleis helgenane.

Dei ytre vilkor for at den kristne tru kunde liva og halde seg i bygdine, ser det ut til tidleg var tilstadar her i Numedal med. Det ser soleis ut til at det nokunlunde fraa den fysste kristne tid var bygt kyrkjur rundt i bygdine. Her som andre stadir, er det mange segnir um nedlagde kyrkjur. Fraa Flesberg hev me soleis segn um, at det skal ha stadi ei kyrkje paa Fonnsetskogen; det er ein rund haug i Teigsgjorde som den dag i dag kallast «Kjørkjehaugen», der skal ho ha stadi. I Aadalen vestanfyre Aasland i Flesberg, ein no ubygd skogdal, skal det au ha stadi ei kyrkje, og der syner etter gamall busetjing. Paa Storækra i Tonby, Lyngdal, likeins. Og i Nore er det segnir um nedlagde kyrkjur.

Likeins er det fleire segnir um koss det gjekk til, at kyrkjune vart bygde der dei no stend. Um Lyngdal kyrkje fortelst det, at ho fraa fysst av stod paa Selsaakeren paa Bakke, men so vart ho flutt om notti, dit ho sea kom til stande. Ei liknande segn er det um kyrkja i Rollag.

I den katolske tidi var det noko dei kalla Lovekyrkjur. Det var kyrkjur som einkvar rikingen lova han skulde byggje til Guds ære, dersom han vilde avvende ulukkur, sjukdom eller anna vondt fraa honom eller hans næraste. Dei vart haldne gjævare slike Lovekyrkjur enn andre; dei heldt det jamvæl betre aa bli gravlagde ved slike kyrkjur enn andre. Paa Lande i Flesberg skal etter segni ha stadi ei slik kyrkje.

*

Um det religiøse liv i Numedalsbygdine i millomalderen, hev me inga skrivne kjeldur, naar ein daa

ikkje reknar med slike ting som at ein gard eller dl. bli gjevi til kyrkja, presten eller bispen, som ein vel lyt gange ut ifraa hadde sin grunn i religiøse kjenslur. Me maa fysst inn i den nyare tid fyrr me naar i einkvar glytten or skriftlege kjeldur. Mykje er det ikkje aa finne fysststundes, som sagt, men etterkvart vidkar bilæte seg ut og bli klaarare og fyllugare.

Som i andre bygdir var det i Numedal au, at folk laag i strid med prestane sine. At det gjekk so vidt her som t. d. i Telemark og Sætesdal, at dei drap prestane sine, kjenner eg ikkje til. Men strid var her og den gjekk sovidt, at domstolane laut til aa skilja partane. Desse retsdokumenti gjev smaa rettleidingar um dei religiøse tilhøvi, og dei fortel oss at det var ikkje noko godt millom prest og kyrkjelyd.

I 1553 stemner Rollag-presten Jacob Jespersen bøndane inn for retten i Oslo fordi dei ikkje vil svara han «Kiørmesseosten» (d. e. kyrkjemesse-osten). Av domen i saki kan me skyna at det var ikkje berre kyrkjelyden som var skuld i usemja. Retten fastsett dei ytingane som bøndane pliktar aa svara presten sin; men denne «Kiørmesseosten» som presten klaar dei etter, «skal være aflagt», stend det.

Den næste presten i Rollag heitte Hans Einarson. Han au ligg i strid med bøndane um denne osten og stemner dei for retten. I 1571 er saki fyre paa maalstogo i Skien. Domen lua at det skulde vera slik som avgjort var i denne sak, daa Jacob Jespersen plundra med same ostegreida.

Men dermed var kje denne ostestriden slutt. Næste mann i embæte tek 'n uppatt, han au. Han heitte Henrich Larsen og var ein fæl kranglefant som laag i stadig strid med kyrkjelyden sin. Det var «Kiørmesseosten» det atter kom seg um. I 1589 er Halvor Bakke fraa Vegglid innstemnt for lag-

mannen i Oslo, fordi han ikkje vil bitala denne osten til presten. Med di berre Halvor er stemnd og klaga, kan det sjaa ut til, at den hole presten hev skremt dei andre til aa bitala. Baade Halvor og dei andre bøndane bli atter fritekne for osteskatten, og presten bli paalagd aa halde seg til det som var avgjort um dette i 1553 og 71. Og tilsist so stend det dette: «— og for det, at fornevnte Henrich saadant have paatalt, burde han vel have standet tilrette, dersom det ikke havde blevet ham efterladt, hvilket er skeet for den aarsag, at han ikke videre i denne sag skulde sine sognebønder bemøie.»

Denne Herrens tenar stemnde likevæl aare etter Halvor inn for retten, som paany frikjende honom. Men presten sjølv vart dømd til bøte 8 dalar til kongen og bitala Halvor kostgodtgjerd.

Slik aatferd fraa prestane si side gjorde, at folke saag med misstru paa dei, og var vel au for ein god deil grunnen til at det synde so lite etter arbeide deira som kyrkja sine tenarar.

Sume av desse prestane var nok au paa andre maatar lite skikka til si gjerning. Um ein prest i Rollag fysst paa 1600-tale fortelst det at han berre gav seg ut for prest — men var berre ein skarve skomakar.

I 1595 fér biskop Jens Nilssøn her gjenom dalen paa visitatsferd, og held daa nøgi dagbok. Men det er ikkje so mykje anna me fær vita um dei kyrkjelege tilhøvi enn at han forby kyrkjefolke aa halde «Kiørmesse». Kyrkjemessa vart haldi kvart aar paa innvigingsdagen aat kyrkja, og der gjekk det fulla villt for seg lyt ein tru — og so var det vel attaat ein attergangar fraa den katolske tidi, med di bispen so strengt forbaud ho. Til denne kyrkjemessa var det vel presten skulde ha den osten, som det var slik strid um i Rollag.

Men eg trur dei heldt denne kyrkjemessa like

fullt etter den dag med, trass i bispens strenge forbod. Ein gamall flesberging fortalde meg for nokre aar sea, at kvar haust var det ei messe ved hovudkyrkja i Flesberg, som dei kalla **Riarmessa**. Daa var det liksom ei sers høgtid, og folk fraa heile prestegjelde møtte fram, og fraa andre bygdir med, og ridande var dei alle som det var noko tak i. Daa hadde dei med seg brennvin, og daa handla dei hestar, og stundom var det slagsmaal. So det gjekk heller villt til. Skal tru um ikkje denne Riarmessa var ei leivd av den gamle kyrkjemessa.

*

Som me kjem inn i 1700-tale, fær me beinvegjest vitnemaal fraa prestane i dalen um dei religiøse tilhøvi her i bygdine. Ei vending som dei daa tidt og ofte brukar, er «hedensk blindhed og vankundighed». Dei klagar over at aalmugen ikkje vil svara presten dei ytingar han hev krav paa, og det hender dei stend upp i kyrkja under gudstenesti og skjeller presten ut, slik som presten Glad i Flesberg fortel, ein heitte Ola Fonnerud i Svene gjorde. Og kyrkjune sine vil dei ikkje halde i stand; dei stend der so detteferduge, at dei maa vera redde gange inn i dei.

Ingin av Numedals-prestane hev gjevi kyrkjelyden si so grundig ei attest som Nikolaus Johannes Parelius; han var prest i Rollag (med Nore og Uvdal) 1752—1773. Han skriv i Kallsboki si millom anna:

«At give mine Efterkommere en kort Idee om Sognefolket meldis, at Hovedsognets Almue overgaar de andre i Gudsfrygt og Sædelighed og det, som kan glæde en Lærer. De vil kjærlig omgaaes, bedre i Offer og Forretningers betaling, i Gudshuus mere agtpaagivende, ærbødige.

Wæggli Almue er vel et godt Folk, men selvraadige, vellystige. De maa nøie gives Agt paa at hol-

des i Orden. Det er oplyste Folk, læser og sjunger vel i Guds Huus. I Hovedsognet og Wæggli findes den bedst oplyste Ungdom.

Nore Almue er ond og fortrædelig, slette Gemytter, Folk som lidet skjøtter om Gud og hans Ord, hengivne til dem selv og deres eget onde og vanartige Hjerte; derfor begaaes i blandt dem Horeri, Tyveri og andre vederstyggelige Laster. Et ukjærlig og uskjønsomt Folk mod deres Lærer i Et og Alt, egensindige og haardnakkede.

Opdals Almue ere de lidderligste av dem alle. De har ingen Kundskap om Gud og deres Sjele, da der nok er arbeidet derpaa av saa mange retskafne og nidkjære Mænd. Men Gudsforagtere og Bespottere ere de og blive de; thi de ere viise til det Onde, men helt enfoldige til det Gode. Græsselige Eder og Bander kan de bruge deres Tunge til, men stumme til at love og prise Gud, ukjærlige og uskjønsomme mod Læreren, saa han kan gjerne blive en Betler hos dem i Henseende til deres nidske Hjerter.»

Um ungdomen i Nore skriv han:

«Ungdommen er her hengiven til Vellystighed, vankundige, modvillige til at søge Skolen og Skolemøder, saa jeg har ofte været nødt til at bruge det Haarde for at faa nogen Frygt i dem; thi kjærlig og øm Omgang finder ikke Sted hos de Fleste, derfor maa der baade Salpeder og Salt til om man skal faae dem i vei til bogstavelig Kundskab, endog hertil ere Fædre og Mødre som oftest Aarsage.»

Um aalmugen i Uvdal skriv han:

«Jeg har taget i Betænkning at lukke Kirkedøren under Prædiken for dem som et rebelsk Folk, men dog ved hver Tieneste holdt dem til at blive tilstede i Guds Huus, især Ungdommen, som har megen Agtpaagivenhed fornøden. Gud er mit Vidne, hvad jeg har gaaet igjennem med disse Folk, hvis Hjerter er haardere end Diamanter. Beklage-

lig er det at man ser dem ikke oftere i Guds Huus end Høst og Vaar. Den øvrige Tid vanke de om i Fjeldene.»

No kan det vel kanskje ikkje ha vori so reint ille som presten skildrar det; han hev fulla vori ein nidkjær og stridig kar og komi paa kant med folke. Men gale var det nok. Daa han flutte her fraa dalen, skal han ha sagt, han var so leid Numedal at han totte det trilla etter 'n.

*

Det kunde med det same vera forvite aa sjaa kva augur **folke** saag paa presten med, etter at me no hev høyrt noko av presten si meining um soknebonni sine.

Me vil daa straks leggje merkje til, at i eldre tidir so var det ikkje **det**, som gjorde presten stor i deira augur, som dei saag upp til 'n for, at han var ein folkevekkjar, ein gjæv talar, ein folkeleg mann. Altso ikkje reint religiøse ting. Det var helst overnaturlege ting, som sette presten høgt i deira augur. Dei gjævaste prestane, dei som stod ord av millom folke i den tidi, var difor gjerne dei som hadde gjengi Svarteskulen i Wittenberg og var trollkunnige. Slike karar hadde Svartekonstboki, og kunde baade løyse og binde dei vonde magtir og tøyme deim som dei vilde. Landskjende prestar av dette slage var slike som Peder Dass. Sovorne prestar gjekk det segnir um i bygdine i hundra-aar etter dei var kvitte.

I fysste halvdeil av 1700-tale var det ein prest i Flesberg som heitte **Johannes Bertelsen**. Han var verkeleg, etter alle ting aa døme, ein som tok seg av kyrkjelyden sin og i det heile sette merkje etter seg i bygdi — det fortel dei skriftelege kjeldur um honom. Tradisjonen i bygdi veit inginting aa for-

telja um denne sida ved hans prestegjerning. Men den dag i dag liver det folk som kan fortelja, at han var trollkunnig og kunde tøyma dei vonde aandir.

Det heldt paa aa preike og staake so inni kyrkja um kveldane, so dei høyrde det lang veg, og folk vart mest vitskræmte. So var det ein kveld drengen, ein som heitte Hans, skulde nedaat og høyre, um der var noko staak daa. Jau, det gav paa aa preike der den kvelden au. Daa tok presten paa seg fullt ornat, spurde um Hans vilde fylgje, og so gjekk dei ned i kyrkja baae tvo. Daa dei kom inn, vart det so stilt. Presten sa at Hans skulde setja seg i ein stol nedimot dynni, og sjølv gjekk han paa preikestolen. Men daa han skulde gaa upp preikestoltroppi, snaava han og rulla. No tek Gaml-Eirik 'n! tenkte Hans, men sat still. Presten kom no paa stolen likevæl, og daa tok han til preike, so det var grove ting — noko som hin ikkje skyna eit ord av. Daa han hadde gjevi paa eit bil, byrja det aa bli uroleg i kyrkja og drog ut. Hans kjende skileg det strauk framum seg og strøymde paa dynni i lang tid, plent som det skulde vori ein heil kyrkjelyd inne. — Men sea den tidi, hev dei aldri høyrt noko sovori i Flesberg-kyrkja.

Eller eg kunde nemne ein som **Knud Jørgensen Winter**, som var prest i Rollag i andre helvti av 1600-tale. Han skulde vera framsynt. Det bli soleis fortalt um honom, at naar han saag ein sjuking, kunde han segja, um han vart godatt eller kom til døy.

Eingong han var i Uvdal, fortalde han, at Svein Holden der i bygdi var feig, og feig var han sjølv jammed, sa han. Han var so trygg paa det at han jamvæl heldt avskilspreika si i Uvdal same venda. Daa han væl var heimkomin, vart han sjuk og døydde. Sovidt Svein Holden hadde fengi spurt prestens dødarord, vart han au sjuk og fór same vegen.

Eller ein slik som **Jens Krog**, som var prest i Rollag i fysste halvdeil av 1700-tale. Um honom fortel dei at han skyna fuglemaal.

Eingong han stod ute i tune i Prestegarden, kom det fjukande ein korp og skreik so fælt.

«Nu sier korpen at han vil spise middag i Fekjanaasen,» sa presten.

Sea fekk dei høyre, at skrubbane nett paa same tidi hadde rivi ihel ei kyr, som Nord-Fekjanfolke hadde gangande uppi Aasen der.

Ja, slike prestar var det dei saag upp til med age og vyrdnad. Slike gaavur var det som gav presten autoritet. Ikkje nett paa den maaten at dei heldt so sers av 'n, trur eg; det ser ikkje ut til det. Han var snaut nokon far for lyden sin, som dei gjekk til med si sut og si glede. Dei saag meir paa 'n som ein slags politimann, som tukta dei med Gudsorde, og stundom med kyrkjestraff eller bøtar.

Dette var vel i samhøve med det, at folke i bygdine vaare til langt ned imot notidi snaut fann atterklang for sine djupaste, varmaste religiøse kjenslur i kristendomen, slik som forkynningi daa var, men i den mengd av dulsam tru, skikk og sed, som hadde røtane sine attende i heidendomen, og som far og mor, ætt etter ætt nedover hadde tala um og lagt dei unge paa hjarta, soleis at det vart helg og høgtid over det, og heilag age for denne arven.



Ikring 1800 møter me noko nytt i det religiøse liv i Numedalsbygdine. Det er dei gudelege vekkingane, som gjeng ut fraa lækfolk. Eg hev ikkje kunna funni fár etter slike vekkingar i dalen fyre Hans Nilssøn Hauge — med undantak av at «Brød-

remenigheden» hadde teki til lite med vekkingsarbeide aari næst fyre.

Det var helst i dei øvre bygdir Hauge verka og vann seg venir, i Nore og Uvdal. Her var det han jamvæl fann ein tvotri av sine mest kjende hjelpesmennar, slike som lensmann Tollef Olsen Bache og broren Ola fraa Uvdal, og Torbjørn Larsen Lislegard fraa Nore. Alle tri desse reiste som forkynnarar i Hauge si aand vidt utover lande, og vart forfylgde og fastsette som han. Haugerørsla er elles so kjend og skrivi so mykje um, at eg skal berre nemne ho her.

*

Kring midten av fyrre hundra-aare gjeng det ei ny gudeleg vekking over sume av Numedalsbygdine, serleg i Lyngdal og Nore — «Eliasbevegelsen» som ho vart kalla etter hovudmannen for ho, **Elias Olsen Kleven** ein staden nedantil Vestfollbygdine. I 1843 kom det ut ei umarbeidd utgaave av Forklaaringi hans Pontoppidan, som dei meinte var ei forrengjing av Guds ord, og det vart tala myrke og strenge ord um prestane og statskyrkja. Naar so Jensens Lesebok vart teki i bruk i skulane, gjekk «Elias-folke» sovidt at dei melde seg ut or statskyrkja, døypte bonni sine heime, stod sjølve for upplæringi deira i kristendomskunnskap og heldt dei burte fraa skulen. Likeins gjekk dei til altars heime. Heile rørsla gjekk ut paa sjølvgod bokstavtrældom, som me ser leivdine av i «Den Jarlsbergske frimenighed» i Nore, der dei enno brukar Pontoppidans «Sandhed til Gudfrygtighed» til lærebok i religion, og ei utgaave av Det nye Testamente fraa 1743 til lesebok.

*

Tilslutt skal eg nemne den gudelege vekkingi som gjekk ut fraa Kari Heie, eller **Vis-Kari**, og som

hadde ei veldig magt over folk upetter dalen i 50- og 60-aari. Kari Heie var bondegjente fraa Flø i Hallingdal, med gamall religiøs bondearv i seg. Ho var fødd 1825. Ein haustkveld i 1851, med ho sat og song for folk i huse, datt ho i uvit og vart liggjande slik ein par timar. Daa ho vakna att, fortalde ho um ei undarleg syn ho hadde havt. Ho totte det kom ein engl, og han førde ho til himelen, og der fekk ho sjaa og kjenne den usegjelege sæla der var. Men ho fekk au sjaa i helvite, og den grenselause pine dei maatte lide som kom dit.

Dei som hadde gjort fals eid, sat i eldsjøen nedlesst med jord. Det brann rundt ikring dei, og varmegneistane spruta.

Drikkarane sat i store lag og auste eld og svovl i einannan, so spruten stod gjenom kjeft og nasar. Den eine banna at hin skulde taka til seg, og han banna han vilde ikkje ha.

Tjuvane gjekk og vassa i eldsjøen og træla og bar paa tunge byrdar med tjuvegods.

Dei som hadde vori harde med hesten, sat og gnog paa hesteknokar, so tennane spruta or munnen paa dei. Men naar ho skulde tilsjaa, var det eld og svovl dei aat, og so hadde dei hestehøvar paa beini.

Dei som hadde drivi hor, laag flaut i eldsjøen og fikta og slo ikring seg med armar og bein.

So saag ho at dei som dansa, flaug det gneistar ifraa føtane paa for kvart stige, og spilemannen han spila so blode sila og rann nedetter 'n for kvart bogedrage.

Dei som hadde bruka fals maal og vegt, dei stod i varmen og vog og mælde eld.

Ueinige grannar laag i eldsjøen og slost og dukka einannan under og sanka eldkulur og strøydde einannan ned med.

Ektefolk som hadde livt i uvenskap, slo av ar-

mar og bein paa einannan med glodraude jarnstengar.

Ulyduge bonn banna foreldri sine, som ikkje hadde gjevi dei ei betre uppseding, og foreldri banna bonni sine som hadde vori so ulyduge.

Trollkjerringar og trollmennar vart haare raka av hovude paa og neglar sliti av fingrar og tær. So vart kjøte skrapa av skrotten paa dei. Ho tottest sjaa det kom kjøt att paa beini, men det vart avskrapa igjen.

Dei som hadde sladra og tala illt um andre, vart tunga rivi or munnen paa med eldraude jarnstengar og kasta paa elden og brunstekt. Etterpaa vart ho karva i smaabitar og koka saman att og sett innatt i munnen paa dei, og so vart dei kasta i eldsjøen.

Dei som henta bær um sundagen, datt utover høge aasar og slo seg so innvollen vall ut. So vart dei dregne uppatt — og datt utover igjen.

— Daa ho hadde sett alt saman detta, fylgde engelen henne attende og sa, at ho skulde fortelja um det til folki paa jordi — — —.

Eg kjem alltid til aa tenkje paa «Draumkvæde» naar eg høyrer um denne syni av Vis-Kari.

«Eg hev vori meg upp mot sky
og nede paa svarte dikje.
Eg hev sett aat heite helvete
og ein deil av himmelrikje.
Eg var meg i aurom heimi
i mange nætar og traa.
Det veit Gud i himmerik
hossi mang ei naud eg saag.»

Soleis segjer Olav Aasteson, daa 'n sit i kyrkjedynni og «tele sine draume».

Same utformingi paa helvitesstraffi finn me hjaa dei baae. Syndarane bli straffa med aa gjera upp-

att og uppatt dei same syndir som dei gjorde her paa jordi. — Det er ogso dette emne Garborg hev nytta i boki si «I Helheim».

Denne utformingi av lagnaden etter dauden botnar i sine grunndrag i eldgamall folketru, men er farga av kristendomen. Difor var det daa au at Draumkvæde kunde halde seg paa folkemunn i alle hundra-aari, og difor var det at denne syni av Vis-Kari greip folk som ho gjorde.


Det var eit bil folkelive i sume av Numedalsbygdine ikkje var attkjennande, serleg Lyngdal og Nore. Det vart slutt med drykk og dans, med banning og ulevnad, og spel og leik og moro heldt dei for synd.

I Nore var det ein mann som var so eldhuga. So var det ein spilemann i bygdi som han var redd kunde lokke ungdomen burt i syndelive att, og so kjøpte han fela av 'n og brende ho upp. Med same han hivde ho paa elden klunka det so rart i strengine — det var med same styggemannen fór ut or henne, fortalde han. Etterpaa totte han han hadde lagt ut drjugt mange pengar i detta misjonsarbeide sitt og søkte heradstyre um vederlag — — —.

Som det so tidt hev gjengi, bar det ut i sverming med vekkingi fraa Vis-Kari, og soleis drap ho seg sjølv.



INNHALD



Flatin

Gamalt fraa Numedal

VI